



HAREID KOMMUNE



# HANDLINGSPROGRAM FOR HAREID KOMMUNE

2021-2024

# HOVUDMÅL KOMMUNEPLAN

Gjeldande kommuneplan har fire hovudmål, og tre av desse er relatert til samfunnsutvikling:

- Hareid skal vere ei bu- og utviklingskommune. Ein attraktiv kommune å bu og leve i for den einskilde, for familien, tilflyttarar og kompetansepersonar.
- Hareid kommune skal gi barn og unge gode oppvekstvilkår, trygge miljø, trivsel og samkjensle som grunnlag for livskvalitet, identitet og utvikling
- Hareid skal vere ein kommune som gjer det mogleg med eit allsidig næringsliv der miljø og arbeidsplassar kan tryggast, moglegheiter utviklast, nye verksemdar

Kommuneplanen sitt fjerde hovudmål er retta inn mot kommunen sitt ansvar som tenesteytar:

- Kommuneorganisasjonen i Hareid skal sikre tenester og service av rett kvalitet i samsvar med behova i kommunen etablerast og får folk med kompetanse til å bu i kommunen.

I planstrategien for Hareid kommune (2016 – 2020) er det vedteke at ein skal starte rullering av kommuneplanens samfunnsdel i løpet av perioden. Arbeidet med ny samfunnsdel har no starta. Planprogrammet har vore på høyring, og er klart for godkjenning.

Kommuneplanens samfunnsdel er verktøyet for kommunens heilskapelege planlegging. Det er med andre ord eit viktig styringsverktøy for folkevalde og administrasjon i åra framover. Gjennom planarbeidet med samfunnsdelen skal kommunen vektlegge viktige utfordringar knytt til samfunnsutvikling, samstundes som ein skal synleggjere dei strategiske vala kommunen tek.

Administrasjonen har valt å foreslå fire hovudmål i planprogrammet. Desse er som følgjer:

- Ein god kommune å bu i
- Ein trygg kommune å vere i
- Ein attraktiv kommune å arbeide i
- Ein spanande kommune å leve i

## Visjon Losen 2025

Hareid kommune har sidan 2017 brukt Kommunekompasset som verktøy for kvalitetsforbetring i utviklinga av ei betre forvaltningskommune. Kommunekompasset er eit verktøy for strategisk utvikling av den kommunale organisasjon og for vurdering av forvaltningspraksisen i kommunen. Verktøyet tek utgangspunkt i at ei kommune er ein samansett organisasjon med fire hovudoppgåver:

- Kommunen som politisk-demokratisk arena
- Kommunen som ansvarleg for tenesteproduksjon overfor

„ **Ein attraktiv kommune å bu og leve i for den einskilde, for familien, tilflyttarar og kompetansepersonar.**

*- eitt av hovudmåla i gjeldande kommuneplan*

innbyggjarar

- Kommunen som myndeutøvande organ i fylje lover og forskrifter
- Kommunen som samfunnsutviklar

Undersøkinga er ei evaluering med fokus på åtte områder, der kommunane vert målt opp mot kvarandre.

- Offentligheit og demokrati
- Tilgjenge, innbyggjar- og brukarorientering
- Politisk styring og kontroll
- Leiarskap, ansvar og delegasjon
- Resultatfokus og effektivitet
- Kommunen som arbeidsgivar
- Utviklingsstrategi og lærande organisasjon
- Kommunen som samfunnsutviklar

Vi har som målsetting å verte ei god forvaltningskommune, og arbeider etter ein slik visjon:

Lærande

Organisasjon med

Samskaping og

Energisk

Nyskaping

mot **2025**

## Vekst i Hareid

### «Med vind i segla»

Saman med Hareid næringsforum og Møre og Romsdal fylkeskommune har kommunen arbeidd med næringsutvikling gjennom prosjektet Vekst i Hareid. Det er gjennomført eit forprosjekt, og ein søker no om midlar til eit hovudprosjekt der målsettinga er slik:

«Vekst i Hareid skal bidra til å sikre og utvikle konkurransekraft og legge grunnlag for næringsutvikling».

Vekst i Hareid har desse tre satsingsområda:

- Havrom
- Attraktiv bukommune
- Auka konkurransekraft



## Arbeidsgivarpolitikken

Hareid kommune sin visjon / rettesnor i arbeidsgivarpolitikken seier: «gode tenester – glade tilsette»

I dette har ein laga huskeregelen «kva meir» for kva som skal ligge i dette;

Kvalitet

Vilje



Arbeidsglede

Medmenneske

Effektivitet

Inkluderande

Romsleg

Organisasjonskulturen skal vere prega av

- Brukarfokus
- Godt samspel mellom politikk og administrasjon
- Positivt menneskesyn
- Klar organisering og ryddige forhold
- God informasjonsflyt
- Bevisst oppbygging av kompetanse

**Bevisst  
opp-  
bygging av**

**kompetanse**

*eit mål for  
organisasjonskulturen*

Rettesnor for kommunen sitt leiarskap:

- Resultatoppnåing
- Tydeleg leiarskap, realistisk målformulering, ansvarleg- og myndiggjering
- Rett rekruttering, god introduksjon, kompetanseutvikling
- Oppfølging, konstruktiv tilbakemelding
- Profesjonell konflikthandtering
- God informasjonsflyt, engasjement ved involvering, klar prioritering

Arbeidsgivarpolitikken er frå 2004 og treng ein gjennomgang, men ein ser at mange av tankane frå den gang står seg like godt i dag.



# INNHALD

---

<b>HOVUDMÅL KOMMUNEPLAN</b>	<b>side 2</b>
<i>Visjon Losen 2025</i>	<b>side 2</b>
<i>Vekst i Hareid</i>	<b>side 3</b>
<i>Arbeidsgivarpolitikken</i>	<b>side 3</b>
<b>1 KOMMUNEDIREKTØREN SI INNLEIING</b>	<b>side 8</b>
<b>2 ORGANISASJONSKART</b>	<b>side 10</b>
<b>3 SAMANLIKNINGSTAL</b>	<b>side 11</b>
<b>3.1 Demografi</b>	<b>side 11</b>
<b>3.2 Sysselsetting</b>	<b>side 13</b>
<b>3.3 Kostrasamanlikningar</b>	<b>side 14</b>
<i>Nøkkeltal barnehage</i>	<b>side 14</b>
<i>Nøkkeltal grunnskule</i>	<b>side 14</b>
<i>Nøkkeltal helse og omsorg</i>	<b>side 15</b>
<b>4 Økonomisk oversikt</b>	<b>side 16</b>
<b>4.1 Om budsjettgrunnlaget</b>	<b>side 16</b>
<i>Kommunelova om budsjettet:</i>	<b>side 16</b>
<i>4.1.1 Finansområdet</i>	<b>side 17</b>
<i>4.1.2 Finansutgifter</i>	<b>side 18</b>
<i>4.1.3 Lånegjeld og renteeksponering</i>	<b>side 19</b>
<i>4.1.4 Nøkkeltal låneportefølje</i>	<b>side 19</b>
<i>4.1.5 Finansinntekter</i>	<b>side 20</b>
<i>4.1.6 Fondsmidlar</i>	<b>side 20</b>
<i>4.1.7 Frie inntekter</i>	<b>side 21</b>
<i>4.1.8 Eigedomsskatt</i>	<b>side 22</b>
<i>4.1.9 Brutto innbyggjartilskot</i>	<b>side 22</b>
<i>4.1.10 Inntektsutjamning</i>	<b>side 22</b>
<i>4.1.11 Utgiftsutjamning</i>	<b>side 23</b>
<i>4.1.12 Inntektsgarantiordninga (INGAR)</i>	<b>side 23</b>

<b>4.2 Driftsbudsjettet (skjema 1A)</b>	<b>side 24</b>
<b>4.3 Driftsbudsjettet fordelt på einingar (skjema 1B)</b>	<b>side 25</b>
<b>4.4 Investeringsbudsjettet (skjema 2A)</b>	<b>side 26</b>
<b>4.5 Fordeling av investeringsbudsjettet (skjema 2B)</b>	<b>side 27</b>

## **5 OM SEKTORANE** **side 29**

<b>5.1 Budsjett for sektorane</b>	<b>side 29</b>
5.1.1 Sentraladministrasjonen	side 29
5.1.2 Læring og kultur	side 30
5.1.3 Velferd	side 31
5.1.4 Samfunnsutvikling	side 33
<b>5.2 Sentraladministrasjonen</b>	<b>side 38</b>
5.2.1 Status / utfordringsbilete	side 38
5.2.2 Mål / tiltak	side 38
<b>5.3 Læring og kultur</b>	<b>side 40</b>
5.3.1 Status / utfordringsbilde	side 40
5.3.2 Mål / tiltak	side 40
<b>5.4 Sektor for Velferd</b>	<b>side 42</b>
5.4.1 Status / utfordringsbilde	side 42
5.4.2 Mål / tiltak	side 42
<b>5.5 Sektor for samfunnsutvikling</b>	<b>side 44</b>
5.5.1 Status / utfordringsbilde	side 44
5.5.2 Mål / tiltak	side 47

# 1 KOMMUNEDIREKTØREN SI INNLEIING

---

Året 2020 har vore eit svært spesielt år, for verden, for Noreg og for Hareid kommune. **Covid19-pandemien** har medført ei tidvis nedstenging av samfunnet, med store konsekvensar for økonomien.

Hareid kommune har so langt ikkje hatt særleg smitte i samfunnet, og den som har vore har vi hatt under kontroll. Tiltaka som har vorte sett i verk for å hindre smittespreiing og for å bu oss på ei eventuell smitteauke har derimot vore krevjande, både for dei tilsette og for kommuneøkonomien. Vi har mellom anna hatt store ekstra kostnader knytt til oppretting av smitteavdeling på sjukeheimen, legar, testing, smittesporing, vikarar ved covid19-symptom hjå tilsette og so vidare. I tillegg har pandemien råka næringslivet i regionen hardt, noko som har medført auka arbeidsløyse og permitteringar. Dette gir igjen lågare skatteinngang til kommunen.

Nokon av disse kostnadane har vi fått refundert frå staten, men ikkje alt. Vi veit endå ikkje konsekvensen av skatteinngangen i 2020 og korleis det vil påverke årsresultatet. Det er framleis stor usikkerheit rundt korleis pandemien vil utvikle seg vidare. Det er spådd ein smittetopp i januar/februar 2021, men om det vil slå til for Hareid kommune sin del veit vi ikkje. Om, og eventuelt når, ei vaksine vil verte tilgjengelig vil også påverke utviklinga i 2021.

Fokus for Hareid kommune framover må vere å utvikle lokalsamfunnet vidare for å **skape vekst og utvikling**, og å tilpasse drifta av kommunen til den utviklinga som vi veit kjem. Vi må bruke pengar der vi ser at det kan gi ei framtidig inntekt eller kostnadsreduksjon for å skape oss økonomisk handlingsrom.

Vi må forvalte dei verdiane vi har på best mulig måte og bidra til **trivsel, bulyst og arbeidsplassar** i lokalsamfunnet vårt. Kommuneorganisasjonen må fortsette å jobbe med **omstilling av drifta**, samtidig som vi tek vare på tilsette og brukarar.

Vi må bu oss på ei komande auke i tal på eldre og pleietrengande i åra som kjem. Skal vi klare å handtere dette innafor dei stadig strammare økonomiske rammene for kommunane, må vi utnytte alle stega i omsorgstrappa og i større grad legge opp til bistand i brukarane sine eigne heimar, omsorgsbustadar og bukollektiv, jobbe førebyggjande og i mindre grad nytte institusjonsplassar. I tillegg må vi ta i bruk velferdsteknologi der dette kan auke tryggleiken til brukarane og gi ein gevinst. Dette vil også gi eit meir differensiert og tilpassa tilbod for den enkelte brukar.

Kommunen må også jobbe meir med førebygging og tidleg, tverrfaglig innsats for å få ned kostnadane til barnevernet. Det er her starta opp tiltak som vi vil sjå effekt av i handlingsprogramperioden.

Vi har utarbeidd ein vedlikehaldsplan som gir oss eit godt verkty for å forvalte eigedomsporføljen vår på ein best mulig måte.



*Konstituert  
kommunedirektør  
Kariann Bigseth*



**Kompetanse og utvikling av våre tilsette** er viktig for å klare å omstille oss, mellom anna er vi er no omtrent midtveis i eit leiarutviklingsprogram for alle leiarar i kommunen. **Samskaping og involvering** av innbyggjarar, næringsliv, frivillige lag og organisasjonar, tilsette og tillitsvalte er nøkkelen til å klare den omstillinga vi no står føre.

Handlingsprogrammet for 2021-2024 har blitt utarbeidd i ein situasjon med svært stor usikkerheit for kva som vil møte oss i perioden. Det kan derfor verte behov for større budsjettjusteringar og fleksibilitet i 2021 enn det som er vanleg. Det er ikkje foreslått auke i eigedomsskatten no, då vi ser at covid19-pandemien også rår innbyggjarane våre hardt. Dersom konsekvensane av pandemien for kommuneøkonomien vert større enn det vi klarer å handtere på anna vis eller dei planlagde innsparingstiltaka ikkje let seg gjennomføre, kan ein siste utvei likevel verte å auke eigedomsskatten i februar med verknad for 2021.

*Konstituert kommunedirektør Kariann Bigseth*

” Vi må forvalte dei verdiane vi har på best mulig måte og bidra til trivsel, bulyst og arbeidsplassar i lokalsamfunnet vårt


# 2 ORGANISASJONSKART

Hareid kommune har ei sektororganisering som er mykje brukt i Noreg i dag. Mange kommunar har i tillegg eit ledd mellom kommunalsjef og einingsleiar, til dømes styrar på ein sjukeheim.

Kommunedirektøren har direkte personalansvar for fire toppleiarar; ein assisterande kommunedirektør og tre kommunalsjefar. Økonomileiar er ein sentral ressurs inn mot toppleiargruppa. Toppleiarane har eit felles ansvar for å sjå heilskapen og kommunen sine totale behov.


Sektorane er organisert ut frå tenesteansvar og brukargruppe. Tanken er å få korte samarbeidslinjer og mest mulig saumlause overgangar.

Staben står for dei indre tenestene og skal bidra til å gjere sektorane gode. Ansvarsfordelinga mellom sektorane og staben er ein del av omstillinga i organisasjonen og er i stadig endring.




# 3 SAMANLIKNINGSTAL

## 3.1 Demografi




Møre og Romsdal -0,06 prosent  
Landet 0,74 prosent



Folketalet er ikkje grensejustert (grunnkretsar) før 2020

← .....  
**Folketalsutviklinga i Møre og Romsdal 2019-2020**

Folketalet i Hareid kommune var 1.1.2020 på 5 175, noko som gir ei auke på 6,4 % dei siste 10 åra. Auka frå 2019 er på 0,4 % eller 20 pesonar. Folketalsutviklinga er eit resultat av fødselsoverskotet pluss nettotilflytting. Fødselsoverskotet er talet på fødte minus talet på dødde same år. I 2019 vart 59 fødte og 47 dødde. Det gav eit fødselsoverskot på 12.



← .....  
**Folketalsvekst etter type 2005-2019**

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Fødselsoverskot	18	-11	-1	37	26	8	44	18	11	28	36	13	16	-3	12
Nettoinnvandring	-12	22	39	63	52	90	73	59	14	15	88	47	17	35	18
Nettoinnflytting, innanlands	-32	27	28	-18	-36	-25	-49	-20	-61	1	-1	-64	-68	-27	-10
Folkevekst	-21	38	66	76	42	73	68	57	-36	44	124	-4	-35	5	20

Utanom fødselsoverskotet er det innanlandsflytting og innvandring som avgjer om det er vekst eller nedgang i folketalet i ei kommune. For Hareid sin del har vi i 2019 hatt ei netto innvandring på 18 pesonar, noko som er vesentleg lågare enn i 2018 då det var på + 35. Nettoinnflyttinga innanlands har derimot betra seg frå ei negativ innflytting på 27 pesonar i 2018 til berre

10 i 2019. Netto tilflytting i 2019 var soleis på 8 personar.


Berre 4 kommunar i Møre og Romsdal hadde høgere prosentvis folketalsauke frå 2019 til 2020 enn Hareid. Vi ser dessverre at utviklinga i 2020 har vore negativ i fyrste halvår og folketallet er no på 5 139.

Samansetninga av befolkninga er svært viktig for utviklinga og for dimensjonering av dei offentlege tenestane. Per 1.1.2020 var hadde kommunen 1290 barn og unge under 19 år, medan 662 personar var 70 år eller eldre.


Framskrivinga fram til 2050 viser ei markant auke i behovet for tenester innan pleie og omsorg, medan behovet for tenester til barn og unge vil gå noko ned.

# 5139


Innbyggjarar i Hareid  
kommune per 2. kvartal  
2020



**Barn og unge i Hareid kommune frå 1986-2019 og framskrivingar fram til 2030**



**Personar 67 år og eldre i Hareid kommune frå 1986-2019 og framskrivingar til 2040**




**Bereknar utvikling for behov for tenester i Hareid kommune.**

2020=100

## 3.2 Sysselsetting




Møre og Romsdal -0,4 prosent  
Landet 0,9 prosent



**Sysselsetnings-  
utvikling i Møre  
og Romsdal 2018-  
2019**

Koronapandemien har hatt store konsekvensar i arbeidsmarknaden, også i Møre og Romsdal. Sjølv om fylket har hatt relativt få smittetilfelle, har likevel konsekvensane av smitteverntiltaka og ringverknadane av lågare konsum nasjonalt og internasjonalt gjort at mange har blitt heilt eller delvis ledige. Per utgangen av juli 2020 var 9 868 personar heilt eller delvis ledige i Møre og Romsdal. Ved utgangen av februar var same tal 4 271 personar. Det er ein auke på 131 prosent.

Kommunefordelt ser ein at det er kommunar på søre Sunnmøre kor det er høgast ledigheit, både målt i tal heilt ledige og delvis ledige i prosent av arbeidsstyrken. Særleg gjeld dette kommunane Herøy, Ulstein og Hareid. Disse tre kommunane hadde alle ei samla ledigheit på over 10 prosent av arbeidsstyrken i kommunen. Høgast andel heilt ledige var det i Hareid med 7,8 prosent, mens andelen delvis ledige var høgast i Ulstein med 4,2. Hareid hadde samla sett høgast ledigheit når ein ser desse gruppene saman, med 11,6 prosent av arbeidsstyrken. Ledigheita i desse kommunane heng saman med utfordringane i maritime petroleumsretta næringar.



og Romsdal 96 prosent



**Arbeidsplass-  
dekning i Møre  
og Romsdal 2019**

For Hareid kommune sin del har situasjonen betra seg noko utover hausten og er i november nede i 5,9 %. Arbeidsplassdekninga er fortsatt lågare enn ønskeleg.

## 3.3 Kostrasamanlikningar

Kostrasamanlikning på dei største tenesteområda våre viser at Hareid kommune driv tenestane sine effektivt. Vi har lågare driftsutgifter til både barnehage og grunnskule enn både kostragruppe 10 og landet utan Oslo. Også på helse og omsorg driv vi effektivt og med lågare kostnader enn dei vi vert samanlikna med, men vi ligg høgare enn dei når det gjeld del av innbyggjarar over 80 år som bor på sjukeheim og på brukarar av heimetenester i aldersgruppa 0-66 år. Vi må fortsette å sjå til dei kommunane som driv enda meir effektivt enn oss og hente inspirasjon derfrå for å verte endå betre.

3.3.1 Nøkkeltal barnehage	Hareid	KOSTRA-gruppe 10	Landet uten Oslo
Andel barn 1-2 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-2 år (prosent)	89,4	81,3	84,6
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-5 år (prosent)	93,5	90,8	92,4
Andel barn 3-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 3-5 år (prosent)	96,0	96,6	97,3
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage (prosent)	52,1	55,7	49,1
Antall barn korrigert per årsverk til grunnbemanning, alle barnehager (antall)	6,0	5,8	5,7
Andel barnehagelærere i forhold til grunnbemanning (prosent)	40,1	41,3	41,5
Andel barn i kommunale barnehager som får spesialpedagogisk hjelp (prosent)	-	3,4	3,9
Korrigerte brutto driftsutgifter til barnehager (f201, f211, f221) per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehager (kr)	65,3	76,0	78,8
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 1-5 år (prosent)	91,4	80,8	83,0
Netto driftsutgifter barnehager i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	16,1	14,8	14,3
Netto driftsutgifter barnehager, per innbygger 1-5 år (kr)	159 755	157 055	163 207
Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehager (kr)	55,9	61,6	62,7

3.3.2 Nøkkeltal grunnskule	Hareid	KOSTRA-gruppe 10	Landet uten Oslo
Årstimer til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring (antall)	23,5	50,1	36,3
Årstimer til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall)	190,8	146,8	139,9
Elever i kommunale og private grunnskoler som får særskilt norskopplæring (prosent)	5,5	3,3	4,9
Elever i kommunale og private grunnskoler som får spesialundervisning (prosent)	6,9	7,7	7,8
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent)	64,4	73,6	75,0
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn (prosent)	74,6	68,7	68,7
Gruppestørrelse 2 (antall)	16,0	15,8	15,8
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	38,9	41,4	41,7
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), i prosent av samlede netto driftsutgifter (prosent)	24,1	24,6	23,0
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år (kr)	115 812,6	117 514,3	117 307,7

### 3.3.3 Nøkkeltal helse og omsorg

	Hareid	KOSTRA-gruppe 10	Landet uten Oslo
Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbygger (kr)	<b>27359</b>	28535	28772
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk)	<b>301,3</b>	306,7	313,7
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (prosent)	<b>32,5</b>	32,4	32,4
Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helseutdanning (prosent)	<b>70,5</b>	79,3	77,7
Årsverk per bruker av omsorgstjenester (årsverk)	<b>0,45</b>	0,55	0,58
Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester (prosent)	<b>31,5</b>	31,4	30,3
Andel brukere av hjemmetjenester 0-66 år (prosent)	<b>54,6</b>	50,2	47,9
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på sykehjem (prosent)	<b>13,3</b>	10,0	11,9
Andel brukertilpassede enerom m/ eget bad/wc (prosent)	<b>97,9</b>	89,5	91,0
Utgifter per oppholdsdøgn i institusjon (kr)	<b>3460</b>	4024	3842
Andel private institusjonsplasser (prosent)	<b>0,0</b>	4,5	5,5
Legetimer per uke per beboer i sykehjem (timer)	<b>0,33</b>	0,52	0,56
Andel innbyggere 67-79 år med dagaktivitetstilbud (prosent)	<b>1,18</b>	0,82	0,69
Netto driftsutgifter til kommunehelsetjenesten i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (prosent)	<b>4,3</b>	4,7	5,0
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	<b>10,2</b>	10,8	11,5
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	<b>9,1</b>	9,1	9,7
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skolehelsetjenesten per 10 000 innbyggere 0-20 år (årsverk)	<b>45,6</b>	49,0	44,1
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst (prosent)	<b>94,9</b>	93,2	93,4



**Kostrasamanlikning  
på dei største  
tenesteområda  
våre viser at Hareid  
kommune driv  
tenestane sine effektivt**

# 4 ØKONOMISK OVERSIKT

## 4.1 Om budsjettgrunnlaget

### Kommunelova om budsjettet:

Sitat frå den kommunelova:

#### § 14-2. Kommunestyrets og fylkestingets plikter

Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta

- Økonomiplanen og årsbudsjettet
- Årsregnskapene og årsberetningene
- Finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi
- Regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)
- Regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement)

#### § 14-3. Behandling av økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning

Økonomiplanen for de neste fire årene og årsbudsjettet for det kommende året skal vedtas før årsskiftet.

#### § 14-4. Økonomiplan og årsbudsjett

Økonomiplanen skal vise hvordan langsiktige utfordringer, mål og strategier i kommunale og regionale planer skal følges opp.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyrets prioriteringer og bevilgninger og de målene og premissene som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på. De skal også vise utviklingen i kommunens eller fylkeskommunens økonomi og utviklingen i gjeld og andre vesentlige langsiktige forpliktelser. Vedtaket om årsbudsjett skal angi hvor mye lån som skal tas opp i budsjettåret.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settes opp i balanse og være realistiske, fullstendige og oversiktlige.

Økonomiplanen skal deles inn i en driftsdel og en investeringsdel. Årsbudsjettet skal deles inn i et driftsbudsjett og et investeringsbudsjett og stilles opp på samme måte som økonomiplanen.

#### § 14-10. Balanse i økonomiplanen og årsbudsjettet

All bruk av midler i årsbudsjettet skal ha dekning i årets tilgang på midler.

#### § 14-11. Inndekning av merforbruk i kommunekassen og fylkeskommunekassen

Et merforbruk i driftsregnskapet til kommunekassen eller fylkeskommunekassen skal dekkes inn året etter at det oppsto. Hvis merforbruket ikke kan dekkes inn året etter at det oppsto, skal det dekkes inn senest det andre året etter at det oppsto.

### KOMMUNELOVA

[Lenke til kommunelova](#)

**Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settes opp i balanse og være realistiske, fullstendige og oversiktlige.**

*Kommunelova  
paragraf 14-4 3. ledd*



Kommunestyret eller fylkestinget kan i særlige tilfeller vedta at et merforbruk i driftsregnskapet til kommunekassen eller fylkeskommunekassen skal dekkes inn senest fire år etter at det oppsto. Hvis de samfunnsmessige og økonomiske konsekvensene av å dekke inn et merforbruk etter første punktum vil bli uforholdsmessig store, kan departementet godkjenne et vedtak om at merforbruket dekkes inn over en periode på flere enn fire år etter at det oppsto.

Et udekket beløp i investeringsregnskapet skal føres opp til dekning på investeringsbudsjettet året etter at det oppsto.

#### § 14-5. Årsbudsjettets bindende virkning. Budsjettstyring

Årsbudsjettet er bindende for kommunestyret og underordnede organer.

### 4.1.1 Finansområdet

Finansområdet er eit område som fangar opp overordna finansielle utgifter og inntekter som ikkje ligg inne i dei tenesteproduiserande sektorane. Her vert ført rametilskot, skatt, diverse tilskot, renteinntekter og renteutgifter, avdrag på lån mv.

Konto	9050 FINANSOMRÅDET	Regnskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
10901	Pensjon premieavvik	-4408098	-8197284	-6188239	-6188239	-6188239	-6188239
10991	Arbeidsgjevaravgift premieavvik	-621542	-1587714	-872541	-872541	-872541	-872541
11302	Banktenester og gebyr	93082	0	0	0	0	0
11303	Datakommunikasjon	569	0	0	0	0	0
11952	Andre avgifter og gebyrer	36961	0	0	0	0	0
12700	Konsulenttenester	12742	0	0	0	0	0
13700	Kjøp fra andre (private)	0	0	2401509	0	0	0
14290	Moms generell kompensasjonsordning	14090	0	0	0	0	0
14701	Tap på krav	191251	35000	35000	35000	35000	35000
15000	Renteutgifter	7332246	10991376	7983131	8004793	7953101	7901413
15001	Morarenter	6953	634	634	634	634	634
15100	Avdrag på lån	14355412	15800000	19663000	21386000	21446000	21446000
15300	Dekning tidlegare års rekneskapsunderskudd	3216155	0	0	0	0	0
15400	Avsetning til disposisjonsfond	0	0	0	1317	204909	708697
15800	Årets rekneskapsmessige overskot	1278578	0	0	0	0	0
15901	Kalkulatoriske renter og avdrag	-2162751	0	0	0	0	0
	Sum utgifter	19 345 648	17 042 012	23 022 494	22 366 964	22 578 864	23 030 964
16300	Husleigeinntekter, utleige av lokale	0	0	-2565183	-2872238	-2872238	-2872238
17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskaper	-14090	0	0	0	0	0

18000	Rammetilskot	-146996000	-159552634	-148089000	-148089000	-148089000	-148089000
18001	Inntekstutjamning	-24551506	-26218000	-26127000	-26127000	-26127000	-26127000
18100	Statstilskot	-12432399	-9380000	-13787000	-9880000	-9880000	-9880000
18101	Statstilskot - øyremerka	0	-2400000				
18700	Skatt på inntekt og formue	-130558018	-130980000	-138121000	-138121000	-138121000	-138121000
18750	Eigedomskatt bustadar og fritidseigedomar	-8764443	-9422000	-9598000	-9913000	-10239000	-10577000
19000	Renteinntekter	-541941	-438000	-300000	-300000	-300000	-300000
19001	Renteinntekt bankinnsk. overf.bundne fond	111460	0	0	0	0	0
19003	Morarenter	-99861	-30000	-30000	-30000	-30000	-30000
19050	Utbytte, aksjer o.l.	-2621419	-2601300	-2601300	-2601300	-2601300	-2601300
19400	Bruk av disposisjonsfond	-3216155	0	0	0	0	0
19900	Motpost avskrivninger	-3150918	-3086000	-3086000	-3086000	-3086000	-3086000
	Sum inntekter	-332 835 290	-344 107 934	-344 304 483	-341 019 538	-341 345 538	-341 683 538
	<b>Netto</b>	<b>-313 489 642</b>	<b>-327 065 922</b>	<b>-321 281 989</b>	<b>-318 652 574</b>	<b>-318 766 674</b>	<b>-318 652 574</b>

Hareid kommune har Sparebanken Møre som sin hovudbank. Bergen Capital Management vert nytta som forvaltar på gjeldssida.

Dei siste åra har det vore investert mykje i Hareid kommune, og dette har ført til ein auke i lånegjelda. Tabellen under viser planlagde låneopptak i komande økonomiplanperiode:

	Ar 2021	Ar 2022	Ar 2023	Ar 2024
Lånegjeld 01.01	636 283 832	805 210 832	790 224 832	770 378 832
Låneopptak	188 590 000	6 400 000	1 600 000	-
Avdrag	-19 663 000	-21 386 000	-21 446 000	-21 446 000
Lånegjeld 31.12	805 210 832	790 224 832	770 378 832	748 932 832
Innbyggjarar	5 197	5 218	5 240	5 261
Lånegjeld pr innbyggjar	154 938	151 442	147 019	142 356
Lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	172 %	171 %	166 %	161 %

## 4.1.2 Finansutgifter

Tabellen under viser prognose for kapitalutgifter i komande økonomiplanperiode og kor mykje desse kostnadane utgjer av driftsinntektene:

	Ar 2021	Ar 2022	Ar 2023	Ar 2024
Renteutgifter	7 983 131	8 004 793	7 953 101	7 901 413
Avdrag	19 663 000	21 386 000	21 446 000	21 446 000
Sum kapitalkostnad	27 646 131	29 390 793	29 399 101	29 347 413
Kapitalkostnad i prosent av brutto driftsinntekter	5,9 %	6,3 %	6,3 %	6,3 %

Hareid kommune har, per oktober 2020 ei gjennomsnittleg lånerente på 1,28 %. Noregs Bank sine prognoser tilseier ei svært låg styringsrente til slutten av 2022. Det er forventa at renta skal halde seg låg i denne økonomiplanperioden, med noko stiging i 2023 og 2024. Fleire sertifikatlån forfell i 2021, og vil etter prognosane gi ei lågare rente for kommunen i budsjettåret 2021. Kommunalbanken har følgjande renteprognose for perioden (for

såkalla p.t. lån):

- År 2021 0,90%
- År 2022 1,05%
- År 2023 1,40%
- År 2024 1,60%

I budsjettet for 2020 har vi tatt høgde for eksisterande avtalar på lånegjeld og nytta Bergen Capital sine utrekningar. Nye investeringar er lagt inn med ei rente på om lag 0,75 %.

### 4.1.3 Lånegjeld og renteeksponering

Det er ikkje all gjeld som belastar kommunen sin økonomi. Vi har mellom anna lån knytt til investeringar på sjølvkostområdet (vatn og avløp). Innbyggjarane betalar renter og avdrag knytt til desse låna. Investeringar på omsorgsområdet (som sjukeheim og omsorgsbustader) der staten finansierer delar av investeringane er eit anna døme. Tabellen under viser kommunen si lånegjeld per 31.12.2020 delt inn i disse kategoriane.

Lånegjeld		636 283 832
Herav lån til vidare utlån		18 776 025
Sjølvkost		105 716 000
Lån med rentekompensasjon		-
Renteeksponert gjeld		-
Lån som skal finansierast av frie inntekter		511 791 807

I løpet av 2019 har vi tatt opp nye lån, og refinansiert andre lån. Det er i 2020 ikkje teke opp nye lån med løpetid over 12 månader, eller gjort rentesikringar på lån til kommunale føremål.

### 4.1.4 Nøkkeltal låneportefølje

	31.10.2020	01.01.2020
Total lånegjeld	618 816 832	506 976 090
Rentebindingstid	1,08 år	1,29 år
Vekta gj.snittsrente	1,28 %	1,89 %
Kapitalbinding	2,28 år	-

*Rentebindingstid* viser porteføljen si vekta gjennomsnittlege rentebindingstid og viser kor lenge renta på sertifikat, lån og obligasjonar i porteføljen er fast. Om ei låneportefølje er utan avdrag og årlege rentebetalningar har ei rentebindingstid på 1, betyr det at porteføljen i gjennomsnitt har ei rentebinding på 12 månader.

*Kapitalbinding* viser porteføljen si vekta gjennomsnittlege kredittbinding, og viser kor lang tid det i gjennomsnitt tar før renter, avdrag og hovudstol er nedbetalt eller forfalt til betaling. Dess høgare tal, dess mindre refinansieringsrisiko.

### 4.1.5 Finansinntekter



Tabellen under viser dei budsjetterte finansinntektene i økonomiplanperioden :

	Ar 2021	Ar 2022	Ar 2023	Ar 2024
Renteinntekter	330 000	330 000	330 000	330 000
Utbytte Tussa Kraft AS	2 601 300	2 601 300	2 601 300	2 601 300
Sum	2 931 300	2 931 300	2 931 300	2 931 300

### Utbytte Tussa Kraft AS

Hareid kommune har 201 aksjar i Tussa Kraft AS. Dette er såkalla B-aksjar som ikkje er fritt omsettelege og berre kan eigast av kommune eller fylkeskommune. Hareid kommune har saman med dei andre eigarane inngått ein aksjonæravtale som gjeld i 6 år. Kommunen har hatt eit langsiktig siktemål med eigarskapen i Tussa. Kommunen har også finansielt motiv for å vere eigar i Tussa, og det er viktig å signalisere overfor selskapet at kommunen har forventning om at Tussa Kraft AS driv så godt at dei også leverer økonomiske resultat som gjer at Hareid kommune får ei tilfredsstillande avkastning av den kapitalen som er stilt til rådighet for selskapet.

## 4.1.6 Fondsmidlar

Det er 4 ulike fond i kommunerekneskapen:

- Bundne driftsfond
- Ubundne driftsfond (inkludert disposisjonsfond)
- Ubundne investeringsfond
- Bundne investeringsfond

### Bundne driftsfond

Bundne driftsfond kan berre brukast til bestemte formål i driftsrekneskapen. Hensikta med bundne fond er at desse skal nyttast til det bestemte føremålet innan ei tidsperiode. Ved rekneskapsavslutning kvart år vert det gjort eit arbeid med å hente inn midlar, slik at desse ikkje vert ståande over mange år.

### Disposisjonsfond

Disposisjonsfond kan nyttast fritt på både til investering og drift. Eit viktig føremål til disposisjonsfondet er å kunne møte utgifter som det ikkje er tatt høgde for, som til dømes:

- Renteauke
- Lønsoppgjeret vert dyrare enn forventa
- Auke i talet på ressurskrevjande brukarar

Utan denne reserven har vi ikkje slark for ekstraordinære hendingar. Dette fører til at budsjettrevisjonar må hente midlar frå sektorane. Dei får uføreseieleg drift, og lite incitament til å spare, då dette går til å dekke andre sitt meirforbruk. I tillegg får kommunen svekka handlingsrom.

### Ubundne investeringsfond

Ubundne investeringsfond kan nyttast til eigen- eller del-finansiering av kommunale investeringsprosjekt. Sal av tomter vert tilbakeført til dette fondet.

## Bundne investeringsfond

Bundne investeringsfond skal berre brukast til bestemte formål i investeringsrekneskapen.

I tabellen under er ei oversikt over dei ulike fonda basert på økonomiplanen

Saldo 31.12.	År 2021	ÅR 2022	År 2023	År 2024
Disposisjonsfond	12 353 110	12 354 427	12 559 336	13 268 033
Bundne driftsfond	7 495 715	7 864 257	7 864 257	7 864 257
Ubundne investeringsfond	1 299 076	1 299 076	1 299 076	1 299 076
Bundne investeringsfond	1 308 898	1 308 898	1 308 898	1 308 898
Sum	22 456 799	22 826 658	23 031 567	23 740 264

### 4.1.7 Frie inntekter

Det overordna formålet med inntektssystemet er å gjere det mogleg for kommunane å gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine. For å oppnå dette målet vert det ved fordeling av rammetilskotet teke omsyn til strukturelle ulikskapar i kommunane og fylkeskommunane (utgiftsutjamning) og ulikskapar i skatteinntektene (inntektsutjamning).

Rammetilskotet utgjer saman med skatteinntektene dei frie inntektene som kommunane fritt disponerer innanfor gjeldande lover og forskrifter. Det vert også gitt eit skjønstilskot for å korrigere for forhold som ikkje blir ivaretekne godt nok i fordelingssystemet elles. Inntektssystemet inneheld i tillegg verkemiddel som berre er grunngjevne med regionalpolitiske målsetjingar.

Tabellen under viser kor mykje Hareid kommune kan vente å få i frie inntekter i 2021-2024 (utdrag frå KS sin prognosemodell):

Prognose frie inntekter Hareid kommune			
År 2021	ÅR 2022	År 2023	År 2024
316 900 000	311 900 000	311 900 000	311 900 000

Vidare følgjer nærare omtale av dei mest sentrale elementa.

### 4.1.8 Eigedomsskatt

Eigedomsskatt					
Eigedomsskatt berekna ut i frå likningsverdi - bustadverdi 2 mill					
Skattesats promille	2,00	2,50	3,00	3,50	4,00
Årleg eigedomsskatt	2 800	3 500	4 200	4 900	5 600
Med botnfrådrag kr. 250 000	2 300	2 875	3 450	4 025	4 600
Eigedomsskatt berekna ut i frå likningsverdi - bustadverdi 2,5 mill					
Skattesats promille	2,00	2,50	3,00	3,50	4,00
Årleg eigedomsskatt	3 500	4 375	5 250	6 125	7 000
Med botnfrådrag kr. 250 000	3 000	3 750	4 500	5 250	6 000

Eigedomsskatt berekna ut i frå likningsverdi - bustadverdi 3 mill					
Skattesats promille	2,00	2,50	3,00	3,50	4,00
Årleg eigedomsskatt	4 200	5 250	6 300	7 350	8 400
Med botnfrådrag kr. 250 000	3 700	4 625	5 550	6 475	7 400

### Kommunedirektøren si tilråding, vidareføring av 3,00 promille

	2020	B2021	B2022	B2023	B2024
Eigedomsskatt, ingen auke frå dagens 3,0 promille					
Skattesats promille	3,00	3,00	3,00	3,00	3,00
Utlíkna eigedomsskatt i 1000 kr	9 251	9 598	9 913	10 239	10 577

## 4.1.9 Brutto innbyggjartilskot

Innbyggjartilskotet vert fordelt med likt beløp pr. innbyggjar for alle kommunane i landet. Det samla innbyggjartilskotet vert fordelt mellom kommunane ved at det vert teke omsyn til utgiftsutjamning, inntektsutjamning, samt ein del andre forhold.

Innbyggjartilskotet er kr 24 761,- per innbyggjar i budsjettframlegg for 2021, og utgjer kr **127 249 000** for Hareid kommune. Dette talet er endeleg og baserer seg på innbyggjartalet per 01.07.2019 som var 5 139.

## 4.1.10 Inntektsutjamning

Utjamning av skatteinntekter skjer løypande gjennom året. Dette medfører at kommunane 7 gonger i året får utjamna skatteinntekter sine. Systemet fungerer slik:

- Kommunane får kompensert 60 % av differansen mellom eige skattenivå og skattenivået på landsbasis.
- Kommunar med skatteinntekter over landsgjennomsnittet blir trekt 60 % av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.
- Kommunar som har skatteinntekter under 90 % av landsgjennomsnittet, får i tillegg kompensert 35 % av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet. Ordninga blir finansiert ved at alle kommunar får eit trekk tilsvarande det tilleggskompensasjonen kostar.

I budsjettet for 2020 har vi budsjettert med ei skatteinntekt på 94,2 % av landsgjennomsnittet, noko som inneber at vi får ei inntektsutjamning på vel kr 27,4 mill.

## 4.1.11 Utgiftsutjamning

I tenesteytinga er det til dels store kostnadsskilnader mellom kommunane. Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane i prinsippet få full kompensasjon for dei kostnadsskilnadane som dei sjølve ikkje kan påverke. Det

gjeld til dømes aldersfordelinga, og strukturelle og sosiale tilhøve i kommunen. Denne kompensasjonen skjer i praksis gjennom kostnadsnøkkelen, som består av ulike kriterium med vektorer. Gjennom kostnadsnøkkelen, og eit oppdatert sett med kriteriedata, blir utgiftsbehovet for kvar kommune berekna, og deretter blir tilskotet fordelt til kommunane etter deira varierende utgiftsbehov. Utgiftsutjamninga er ei rein omfordeling – det som blir trekt inn frå nokre kommunar blir delt ut att til andre kommunar.

I indeksen for berekna utgiftsbehov er landsgjennomsnittet 1,00. Kommunar med ein indeks som er større enn 1,00 har eit utgiftsbehov per innbyggjar som er større enn landsgjennomsnittet, mens kommunar med ein indeks som er mindre enn 1,00 har eit utgiftsbehov som er mindre enn landsgjennomsnittet. For eksempel har ein kommune med indeks 0,99 eit berekna utgiftsbehov som er 1 prosent lågare enn landsgjennomsnittet, mens ein kommune med ein indeks på 1,07 eit berekna utgiftsbehov som er 7 prosent høgare enn landsgjennomsnittet. Hareid sin behovsindeks er 1,0669, noko som medfører ei utgiftsutjamning på kr 19.373.284.

#### 4.1.12 Inntektsgarantiordninga (INGAR)

Føremålet med inntektsgarantiordninga er å gje kommunane ei meir heilskapleg skjerming mot brå nedgang i rammetilskotet, og dermed gjere inntektssystemet meir fleksibelt og føreseieleg. Ordninga sikrar at ingen kommunar har ein berekna vekst i rammetilskotet frå eit år til det neste som er lågare enn kr -545 pr. innbyggjar under berekna vekst på landsbasis, før finansiering av sjølve ordninga. Inntektsgarantiordninga tek utgangspunkt i endringa i totalt rammetilskot på nasjonalt nivå, målt i kroner per innbyggjar. I berekninga blir talet på innbyggjarar per 1. juli 2019 brukt. Hareid kommune blir i 2020 trekt for kr 194.082 gjennom ordninga.

### **DETALJERTE TAL - INNTEKT- OG UTGIFTSBEREKNING**

[regjeringen.no](https://regjeringen.no)

## 4.2 Driftsbudsjettet (skjema 1A)

Tal i 1 kroner	Regnskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
<b>Generelle driftsinntekter</b>						
Rammetilskudd	-171 547 506	-185 771 000	-174 216 000	-174 216 000	-174 216 000	-174 216 000
Inntekts- og formuesskatt	-130 558 018	-130 980 000	-138 121 000	-138 121 000	-138 121 000	-138 121 000
Eiendomsskatt	-8 764 443	-9 422 000	-9 598 000	-9 913 000	-10 239 000	-10 577 000
Andre generelle driftsinntekter	-14 003 080	-12 795 000	-15 202 000	-10 895 000	-10 895 000	-10 895 000
<b>SUM GENERELLE DRIFTSINNEKTER</b>	<b>-324 873 047</b>	<b>-338 968 000</b>	<b>-337 137 000</b>	<b>-333 145 000</b>	<b>-333 471 000</b>	<b>-333 809 000</b>

### Netto driftsutgifter

Sum bevilgninger drift, netto	307 373 508	316 444 000	309 248 194	303 510 215	303 624 315	303 510 215
Avskrivninger	15 234 192	15 788 000	17 116 000	17 116 000	17 116 000	17 116 000
<b>SUM NETTO DRIFTSUTGIFTER</b>	<b>322 607 700</b>	<b>332 232 000</b>	<b>326 364 194</b>	<b>320 626 215</b>	<b>320 740 315</b>	<b>320 626 215</b>
<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-2 265 347</b>	<b>-6 736 000</b>	<b>-10 772 806</b>	<b>-12 518 785</b>	<b>-12 730 685</b>	<b>-13 182 785</b>

### Finansinntekter/finansutgifter

Renteinntekter	-934 986	-438 000	-743 071	-743 071	-743 071	-743 071
Utbytter	-2 621 419	-2 601 300	-2 601 300	-2 601 300	-2 601 300	-2 601 300
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	7 641 862	10 991 376	8 319 056	8 340 718	8 289 026	8 237 338
Avdrag på lån	14 355 412	15 800 000	19 665 579	21 388 579	21 448 579	21 448 579
<b>NETTO FINANSUTGIFTER</b>	<b>18 440 869</b>	<b>23 752 076</b>	<b>24 640 264</b>	<b>26 384 926</b>	<b>26 393 234</b>	<b>26 341 546</b>
Motpost avskrivninger	-15 234 193	-14 375 000	-14 236 000	-14 236 000	-14 236 000	-14 236 000
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>941 329</b>	<b>2 641 076</b>	<b>-368 542</b>	<b>-369 859</b>	<b>-573 451</b>	<b>-1 077 239</b>

### Disponering eller dekning av netto driftsresultat

Disponering eller dekning av netto driftsresultat	0	0	0	0	0	0
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne fond	-2 219 885	-2 641 076	368 542	368 542	368 542	368 542
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-3 216 155	0	0	1 317	204 909	708 697
Dekning av tidligere års merforbruk	3 216 155	0	0	0	0	0
<b>SUM DISPONERINGERELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-2 219 885</b>	<b>-2 641 076</b>	<b>368 542</b>	<b>369 859</b>	<b>573 451</b>	<b>1 077 239</b>

<b>FREMFØRT TIL INNDEKNING I SENERE ÅR</b>	<b>-1 278 556</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
--	-------------------	----------	----------	----------	----------	----------



## 4.3 Driftsbudsjettet fordelt på einingar (skjema 1B)

Tal i 1 kroner	Regnskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
1010 POLITISK STYRING OG KONTROLL	2 593 594	2 643 907	2 727 394	2 613 294	2 727 394	2 613 294
1020 RÅDMANNSKONTOR	3 232 810	2 941 110	3 259 238	3 259 238	3 259 238	3 259 238
1030 ØKONOMIAVDELING	4 020 376	3 854 862	4 175 330	4 175 330	4 175 330	4 175 330
1040 PERSONALAVDELING	3 161 382	3 541 256	3 331 277	3 331 277	3 331 277	3 331 277
1060 SERVICETORG OG POLITISK SEKRETARIAT	4 776 489	5 018 568	5 277 433	5 277 433	5 277 433	5 277 433
1070 DIGITALISERING OG KONTRAKT	90 931	1 009 535	170 914	270 181	270 181	270 181
<b>SUM SENTRALADM.</b>	<b>17 875 582</b>	<b>19 009 238</b>	<b>18 941 586</b>	<b>18 926 753</b>	<b>19 040 853</b>	<b>18 926 753</b>
2000 OPPVEKSTKONTOR	31 856 897	33 691 890	30 868 505	30 838 505	30 838 505	30 838 505
2010 BIGSET SKULE	9 417 394	10 026 077	10 767 460	10 767 460	10 767 460	10 767 460
2030 HAREID SKULE	23 587 573	26 266 536	26 321 433	26 321 433	26 321 433	26 321 433
2040 HJØRUNGAVÅG SKULE	8 480 834	9 295 479	9 113 433	9 113 433	9 113 433	9 113 433
2050 HAREID UNGDOMSKULE	25 335 906	24 512 101	24 570 061	24 570 061	24 570 061	24 570 061
2810 BIGSET BARNEHAGE	8 436 939	9 760 122	10 020 634	10 020 634	10 020 634	10 020 634
2830 HAREID BARNEHAGE	4 232 348	4 280 928	4 196 293	4 196 293	4 196 293	4 196 293
2850 SYVERPLASSEN BARNEHAGE	8 772 163	9 560 723	9 734 940	9 734 940	9 734 940	9 734 940
2080 HAREID MUSIKK- OG KULTURSKULE	2 238 448	2 066 073	2 124 715	2 124 715	2 124 715	2 124 715
2700 RESSURSENTERET	7 153 397	7 737 073	8 144 541	8 144 541	8 144 541	8 144 541
5000 KULTURKONTOR	1 169 404	898 252	890 298	890 298	890 298	890 298
5010 BIBLIOTEK	1 464 023	1 601 401	2 591 622	2 799 792	2 799 792	2 799 792
5020 KULTURTILTAK	551 027	1 203 357	1 091 795	1 091 795	1 091 795	1 091 795
<b>SUM LÆRING OG KULTUR</b>	<b>132 696 353</b>	<b>140 900 012</b>	<b>140 435 730</b>	<b>140 613 900</b>	<b>140 613 900</b>	<b>140 613 900</b>
1080 NAV-KOMMUNE	6 342 505	5 990 081	6 578 067	6 578 067	6 578 067	6 578 067
3100 HELSE OG KOORDINERANDE EINING	18 606 642	22 722 746	22 509 603	24 127 163	24 127 163	24 127 163
3200 BARNEVERN	15 004 471	12 079 780	12 879 780	11 079 780	11 079 780	11 079 780
4000 VELFERDSKONTOR	5 789 679	6 017 037	6 531 644	7 074 304	7 074 304	7 074 304
4021 BUEINING	9 926 619	10 151 735	8 909 497	8 909 497	8 909 497	8 909 497
4022 SKJERMA EINING	10 458 348	9 944 715	9 642 307	9 642 307	9 642 307	9 642 307
4023 KORTTIDSEINING	12 042 754	12 485 454	10 747 599	8 747 599	8 747 599	8 747 599
4025 KJØKKEN	4 305 193	3 986 679	3 726 478	3 726 478	3 726 478	3 726 478
4031 HEIMETENESTE EINING 1	17 046 458	15 616 909	15 989 732	15 989 732	15 989 732	15 989 732
4032 HEIMETENESTE EINING 2	5 607 844	5 458 313	4 749 078	4 749 078	4 749 078	4 749 078
4050 BU- OG HABILITERING	23 743 042	17 374 239	17 949 917	17 949 917	17 949 917	17 949 917
<b>SUM VELFERD</b>	<b>128 873 555</b>	<b>121 827 688</b>	<b>120 213 702</b>	<b>118 573 922</b>	<b>118 573 922</b>	<b>118 573 922</b>
1050 PLAN, BYGGESAK OG GEODATA	2 428 875	3 856 643	3 813 339	3 813 339	3 813 339	3 813 339
1090 BRANNVERN	5 628 594	6 291 414	6 293 934	6 293 934	6 293 934	6 293 934
5005 NÆRINGSTILTAK	142 265	491 100	333 850	333 850	333 850	333 850
5060 TRUSAMFUNN	4 695 356	4 259 127	4 259 127	4 259 127	4 259 127	4 259 127
Herav 8020 Hareid Sokn	4 365 761	3 980 927	3 363 927	3 363 927	3 363 927	3 363 927

Herav 8021 Andre Trusamfunn	328 237	278 200	278 200	278 200	278 200	278 200
Herav 8022 Frivilligsentralen	0	0	617 000	617 000	617 000	617 000
<b>6501 SAMFUNN</b>	<b>4 119 390</b>	<b>3 700 465</b>	<b>4 170 793</b>	<b>4 170 793</b>	<b>4 170 793</b>	<b>4 170 793</b>
6510 KOMMUNALTEKNIKK	5 486 348	7 525 453	7 234 924	7 025 022	7 025 022	7 025 022
6550 SJØLVKOSTOMRÅDE	-211 323	-25 224	130 585	130 585	130 585	130 585
7000 KOMMUNAL EIGEDOM	11 754 669	19 230 006	15 454 419	14 511 349	14 511 349	14 511 349
<b>SUM SAMFUNNSUTVIKLING</b>	<b>34 044 174</b>	<b>45 328 984</b>	<b>41 690 971</b>	<b>40 537 999</b>	<b>40 537 999</b>	<b>40 537 999</b>
<b>FINANS</b>	<b>-6 116 134</b>	<b>-10 621 922</b>	<b>-9 155 216</b>	<b>-15 142 359</b>	<b>-15 142 359</b>	<b>-15 142 359</b>
<b>SUM FORDELT TIL DRIFT</b>	<b>307 373 508</b>	<b>316 444 000</b>	<b>312 126 773</b>	<b>303 510 215</b>	<b>303 624 315</b>	<b>303 510 215</b>

## 4.4 Investeringsbudsjettet (skjema 2A)

	Regnskap 2019	Revidert Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Investeringer i varige driftsmidler	150 900 878	199 732 825	217 400 000	8 000 000	2 000 000	0
Tilskudd til andres investeringer	0	0	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	971 138	0	0	0	0	0
Utlån av egne midler	2 000 000	4 000 000	4 000 000	0	0	0
Avdrag på lån	2 150 784	0	0	0	0	0
<b>SUM INVESTERINGSUTGIFTER</b>	<b>156 022 800</b>	<b>203 732 825</b>	<b>221 400 000</b>	<b>8 000 000</b>	<b>2 000 000</b>	<b>0</b>
Kompensasjon for merverdiavgift	-22 071 764	-31 986 165	-28 610 000	-1 600 000	-400 000	0
Tilskudd fra andre	-387 976	-2 336 824	0	0	0	0
Salg av varige driftsmidler	-2 096 825	0	0	0	0	0
Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0	0	0
Utdeling fra selskaper	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-2 048 614	-4 000 000	-4 000 000	0	0	0
Bruk av lån	-130 370 877	-165 409 836	-188 590 000	-6 400 000	-1 600 000	0
<b>SUM INVESTERINGSINNTEKTER</b>	<b>-156 976 056</b>	<b>-203 732 825</b>	<b>-221 400 000</b>	<b>-8 000 000</b>	<b>-2 000 000</b>	<b>0</b>
Videreutlån	0	0	0	0	0	0
Bruk av lån til videreutlån	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån til videreutlån	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på videreutlån	0	0	0	0	0	0
<b>NETTO UTGIFTER VIDEREUTLÅN</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Overføring fra drift	0	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	-102 170	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	1 055 427	0	0	0	0	0
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0	0	0
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	953 257	0	0	0	0	0
Fremført til inndeckning i senere år udekket beløp	1	0	0	0	0	0

## 4.5 Fordeling av investeringsbudsjetten (skjema 2B)

	2021	2022	2023	2024
<b>Investeringstiltak Sentraladministrasjonen</b>				
041: Sentraladministrasjonen : Startlån	4 000 000			
<b>Investeringstiltak Læring og kultur</b>				
051: Læring og kultur : Bibliotek, diverse løysingar.	700 000			
<b>Investeringstiltak Velferd</b>				
052: Velferd : Diverse inventar Hadartun	1 000 000			
<b>Investeringstiltak Samfunnsutvikling</b>				
<b>ORDINÆRE PROSJEKT</b>				
026: Samfunnsutvikling : Ombygging Hareid brannstasjon	6 000 000	6 000 000		
025: Samfunnsutvikling : Hareid sokn : Ombygging av bedehuset, tilbygg kontorfløy	4 000 000	2 000 000	2 000 000	
034: Samfunnsutvikling : Egenandel NVE, flaumsikring Gjerdeelva	1 000 000			
042: Samfunnsutvikling : Ferdigstilling Helsehus	34 000 000			
053: Samfunnsutvikling : Fiberutbygging Almestranda, Ulset, Kvammen og Hjørungneset	4 000 000			
046: Samfunnsutvikling : Godsterminalen, opprusting kai	10 000 000			
038: Samfunnsutvikling : Hjørungavåg skule, skulekjøken, led-lys, røykdeteksjon og himling	4 000 000			
043: Samfunnsutvikling : Holstadfeltet, herav grunnkjøp kr 7 mill. rest bygging kanal	16 000 000			
044: Samfunnsutvikling : Holstadrundkøyring, innledande	1 000 000			
045: Samfunnsutvikling : Utgreiing og førebuing av Innovasjonssenter, omsorgsb. ny barnehage mv	1 000 000			
049: Samfunnsutvikling : Inventar til psykolog, barnevern mv. i det nye Helsehuset	2 500 000			
035: Samfunnsutvikling : Teodolittkikkert	250 000			
023: Samfunnsutvikling : Kjøp av tomt Helsehuset	11 000 000			
029: Samfunnsutvikling : KL-marka, prosjektering og utbygging VA	3 000 000			
037: Samfunnsutvikling : Lys sjukeheim, branntiltak	1 000 000			
048: Samfunnsutvikling : Lyspakke-veg, utskifting til LED i gatelys	500 000			
036: Miljøgateprosjektet : Ferdigstille ombygging tilkomst til eigedomar	100 000			
022: Samfunnsutvikling : Møblering Bibliotek	1 500 000			
031: Samfunnsutvikling : Ombygging veg Helsehuset	8 000 000			
040: Samfunnsutvikling : Parkering på tak Coop	4 000 000			
028: Samfunnsutvikling : Pålhaugen, omsorgsboligar/avlasing	18 750 000			
032: Samfunnsutvikling : Pålhaugen infrastruktur	4 000 000			
027: Samfunnsutvikling : Rådhuset byggetrinn 1,5	6 250 000			
030: Samfunnsutvikling : Sidegreiner Røyset	4 000 000			
047: Samfunnsutvikling : Toalett ved Nassetelva	1 200 000			
024: Samfunnsutvikling : Trapp, heis og uteområde ved Helsehuset	4 000 000			
033: Samfunnsutvikling : Tusenårsplassen	3 000 000			
039: Samfunnsutvikling : Disponible midlar for å ivareta uforutsette og akutte behov, samt avslutning av vedtekte prosjekt	5 000 000			
050: Samfunnsutvikling : Vedlikehaldspakke jfr. vedlikehaldsplan	4 300 000			
SUM ORDINÆRE PROSJEKT	169 050 000			

<b>SJØLVKOSTPROSJEKT</b>				
004: Anløp : Byte lyktestolpar molo	1 200 000			
054: Anløp : Kai Tusenårsplassen	1 000 000			
008: Avløp : Avskjære overvatn Ytre Hareid	2 500 000			
020: Avløp : Bakkeveien	500 000			
006: Avløp : Fornyng avløpsnett	1 200 000			
009: Avløp : Omlegging ved Helsehuset	5 000 000			
010: Avløp : Kyrkjegata - Jets	3 250 000			
011: Avløp : Ovrassanden	5 000 000			
012: Avløp : Reinseanlegg Raffelneset	10 000 000			
007: Avløp : Separere fellesledning Hareidselva	1 500 000			
013: Avløp : Sjøledning Raffelneset	7 000 000			
016: Vatn : Bytte PLS vassbehandlingsanlegg	1 000 000			
005: Vatn : Fornyng vassnett	600 000			
014: Vatn : Omlegging av vassledningar ved Helsehuset	3 750 000			
015: Vatn : Kyrkjegata - Jets	3 250 000			
018: Vatn : Legge om leidning frå vassbehandlingsanlegget	1 000 000			
017: Vatn : Nødvatn - tankar	600 000			
019: Vatn : Pumpestasjon	4 000 000			
<b>SUM SJØLVKOST</b>	<b>52 350 000</b>			
<b>Tot investering sjølvkost og ordinære heile kommunen</b>	<b>221 800 000</b>	<b>8 000 000</b>	<b>2 000 000</b>	<b>-</b>

# 5 OM SEKTORANE

## 5.1 Budsjett for sektorane

Budsjettet for 2021 er jevnt over strammere for sektorane enn 2020. Det vil vere utfordrande for alle sektorane å halde budsjetta sine i 2021, og det vil krevje ein kontinuerlig vidare prosess på omstilling.

### 5.1.1 Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen	
Budsjett 2020	<b>18 976 454</b>
Sum konsekvensjustering	- 283 348
Andre endringer: Artsavhengighet (pensjon mv)	- 61 971
Prisjustering	279 437
<b>Sum konsekvensjustert budsjett utan tiltak</b>	<b>18 910 572</b>
Valte driftstiltak	
Sentraladministrasjonen : Innkjøpskoordinator (23)	101 914
Sentraladministrasjonen : Valår (19)	129 100
Sentraladministrasjonen : Ta tilbake sentralbordet (29)	-200 000
Sum valte tiltak	<b>31 014</b>
<b>Kommunedirektøren sitt framlegg til ny ramme i budsjett 2021</b>	<b>18 941 586</b>

Sentraladministrasjonen sitt budsjett for 2021 lågare enn for 2020, samtidig som dei vert pålagt fleire oppgåver. Sentraladministrasjonen har også avgitt 100 % stilling frå IKT til Eigedomsavdelinga og har fått 50 % stilling tilbake (folkehelsekoordinator som no er organisert under Rådmannskontoret).

#### 5.1.1.1 Driftstiltak

##### 023 Sentraladministrasjonen: Innkjøpskoordinator

Det er behov for og etterlyst av mellom anna næringslivet at det vert oppretta ei stilling som innkjøpskoordinator. Dette for å syte for å ytterlegare bygge opp kompetanse på innkjøp i eigen organisasjon i staden for å bruke eksterne konsulentar på innkjøp og kontrakt. Planen er å i all hovudsak finansiere stillinga gjennom prosjekt på investering, men noko av den må nok belastast drifta. Det er lagt inn halvårseffekt i 2021, og heilårseffekt vidare i handlingsplanen.

##### 019 Sentraladministrasjonen: Auke i forbindelse med gjennomføring av val

Det er valår anna kvart år. Det skiftar og på om det er kommuneval eller stortingsval (meir arbeid og dyrare ved

kommuneval). Året mellom valåra er det sett av midlar til kurs for å halde oss oppdatert.

### **029 Sentraladministrasjonen: Avslutte avtale om drift av sentralbord med Vanylven kommune**

Om vi avsluttar avtalen om drift av sentralbordet vil vi kunne spare inn 200 000. Ulempa vert sjølvstekt ekstra belasting på tilsette i servicetorg og politisk sekretariat. Det vert utfordrande med alltid to på jobb og avlastning ved ferie og sjukdom. Andre i sentraladministrasjonen og eventuelt i sektorane bør kanskje inn på ei vaktliste for å få dette til.

#### **5.1.1.2 Investeringstiltak**

### **041 Sentraladministrasjonen: Startlån** **kr. 4 000 000,-**

Ramme for vidare utlån til startlån. Ingen konsekvens for driftsbudsjettet.

#### **5.1.2 Læring og kultur**

<b>Læring og kultur</b>	
<b>Budsjett 2020</b>	<b>139 150 100</b>
Sum konsekvensjustering	- 781 091
Andre endringer: Artsavhengighet (pensjon mv)	2 057 559
Prisjustering	2 249 162
<b>Sum konsekvensjustert budsjett utan tiltak</b>	<b>142 675 730</b>
<b>Valte driftstiltak</b>	
Læring og kultur : Kompetanseløft 2021. (31)	-400 000
Læring og kultur : Flytting bibliotek. (20)	60 000
Læring og kultur : Nye lisensar og serviceavtalar bibliotek. (21)	80 000
Læring og kultur : Redusert overføring til privat barnehage. (34)	-2 000 000
Læring og kultur : Rensing og vedlikehold av stoffmøblar i Bibliotek. (22)	20 000
<b>Sum valte tiltak</b>	<b>-2 240 000</b>
<b>Kommunedirektøren sitt framlegg til ny ramme i budsjett 2021</b>	<b>140 435 730</b>

Sektoren er pålagt eit kutt i høve ramma for 2020 om ein ser vekk frå prisjusteringa. Dette gjeld i all hovudsak reduserte overføringar til private barnehagar.

#### **5.1.2.1 Driftstiltak**

### **020: Læring og kultur : Flytting bibliotek** **kr. 60 000,-**

Frysing av alle media grunna skadedyr, samt kostnader rundt flytting elles.

### **031: Læring og kultur: Kompetanseløft 2021kr.** **- 400 000,-**

Eit samarbeidsopplegg mellom sektor for Læring og kultur og sektor for Velferd.

**021: Læring og kultur : Nye lisensar og serviceavtalar bibliotek**  
kr. 80 000,-

Nye lisensar og serviceavtalar knytta til meirope bibliotek.

**034: Læring og kultur : Redusert overføring til privat barnehage.**  
kr. -2 000 000

Innsparing pga fleire barn i dei kommunale barnehagane.

**022: Læring og kultur : Rensing og vedlikehold av stoffmøblar i Bibliotek**  
kr 20 000

Rensing og vedlikehald av stoffmøblar i biblioteket.

### 5.1.2.2 Investeringstiltak

#### Nye tiltak

**051: Læring og kultur : Bibliotek diverse løysinga** kr. 700 000,-

Eit bibliotek som stettar behova til publikum og lettar kvardagen for dei tilsette. Tilgangskontroll, kameraovervåking, utlånsautomatar, elektronisk innleveringshylle, talevarsling, utlånsløysing nettbrett, elektronisk hyllelesar og digitale infoskilt.

### 5.1.3 Velferd

Velferd	
<b>Budsjett 2020</b>	<b>117 305 709</b>
Sum konsekvensjustering	3 792 027
Andre endringer: Artsavhengighet (pensjon mv)	- 80 275
Prisjustering	1 961 561
<b>Sum konsekvensjustert budsjett utan tiltak</b>	<b>123 283 442</b>
<b>Valte tiltak</b>	
Velferd : Nedlegging 8 plassar (6)	-2 000 000
Velferd: Kommunal del av husleige legesenter (38)	120 000
Velferd : Lisensar velferdsteknologi (25)	200 000
Velferd : Auke i overføringar til barnevernet (8)	800 000
Velferd : Auke pga ny legeavtale. (30)	600 000
Velferd : Kompetanseløft 2021. (32)	-400 000
Velferd : Demenskoordinator, halvårseffekt i 2021. (10)	-542 660
Velferd : Kommunepsykolog halvårseffekt 2021 (9)	-542 660
Velferd : Omgjering av 16 plassar til bokollektiv (7)	-1 000 000
<b>Sum valte tiltak</b>	<b>-2 765 320</b>
<b>Kommunedirektøren sitt framlegg til ny ramme i budsjett 2021</b>	<b>120 213 702</b>

Total ramme for sektoren er noko høgre enn for 2020. Det ligg for denne sektoren inne ei større positiv konsekvensjustering enn det som er tilfelle for dei øvrige sektorane. Resultatet av dette er at sjølv om ein har pålagt store kutt har sektoren ei auke i ramma i tillegg til prisjusteringa på omtrent 950', dette er i hovudsak auke i

overføringer til barnevern.

### **5.1.3.1 Driftstiltak**

**008: Velferd : Auke i overføringer til barnevernet** kr. 800 000,-

Berekna netto auke for Hareid kommune, basert på budsjett og dialog med barnevernet.

**006: Velferd : Nedlegging 8 plassar** kr. – 2 000 000,-

Berekna vinst ved nedlegging av 8 plassar på korttidsseining på Hadartun.

**007: Velferd : Omgjering av 16 plassar til bokollektiv** kr. – 1 000 000,-

Berekna innsparing ved omgjering av 16 plassar på bueining til bokollektiv.

**041: Velferd : Reduksjon fagdag** kr. – 304 420,-

Reduksjon i tal på fagdagar. Må erstattast av andre former for kompetanseheving.

**009: Velferd : Kommunepsykolog halvtårseffekt 2021** kr. - 542 660,-

Midlar til kommunepsykolog ligg i budsjettet, men stilling er ikkje besatt. Det er rekna innsparing for halve 2021.

**010: Velferd : Demenskoordinator, halvårseffekt i 2021.** kr. - 542 660,-

Midlar til demenskoordinator ligg i budsjettet, men stilling er ikkje besatt. Det er rekna innsparing for halve 2021.

**025: Velferd : Lisensar velferdsteknologi** kr. 200 000,-

Viser til handlingsplan Velferdsteknologi 2021 - 2024.

**030: Velferd : Auke pga ny legeavtale.** kr. 600 000,-

Ny avtale er inngått med Hareid Legesenter AS og drift av legesenteret i nytt helsehus.

**032: Velferd : Kompetanseløft 2021.** kr. - 400 000,-

Eit samarbeidsopplegg mellom sektor for Læring og kultur og sektor for Velferd.

**038: Velferd : Kommunal del av husleige legesenter** kr. 120 000,-

Kommunal del av husleige legesenter.

### **5.1.3.2 Investeringsiltak**

Nye

**052: Velferd: Diverse inventar Hadartun** kr. 1 000 000,-

Det er behov for utskifting/fornyng av inventar, møblar og utstyr på Hadartun. HMS-tiltak.



## 5.1.4 Samfunnsutvikling

Samfunnsutvikling	
<b>Budsjett 2020</b>	<b>41 615 025</b>
Sum konsekvensjustering	- 1 819 722
Andre endringer: Artsavhengighet (pensjon mv)	- 947 132
Prisjustering	547 484
<b>Sum konsekvensjustert budsjett utan tiltak</b>	<b>39 395 655</b>
<b>Valte tiltak</b>	
Samfunnsutvikling : Trafikktryggingssplan (35)	150 000
Samfunnsutvikling : Sommarhjelp park og grønt (40)	59 902
Samfunnsutvikling : Vask av servicebygg (28)	79 414
Samfunnsutvikling : Bortfall av leigeinntekter Myrtunet (12)	2 006 000
<b>Sum valte tiltak</b>	<b>2 295 316</b>
<b>Kommunedirektøren sitt framlegg til ny ramme i budsjett 2021</b>	<b>41 690 971</b>

Sektoren si ramme er for 2021 omtrent som for 2020. Dette til tross for at det er lagt inn tiltak som at husleige for Myrtunet ikkje lenger er budsjettert som ei inntekt, då den ikkje er realistisk å oppnå slik tilstanden på bygget er no. I tillegg er trafikktryggingssplanen lagt inn for å sikre vidare utvikling i andre prosjekt som er avhengige av denne. Det er også lagt inn to tiltak med lav kostnad som vil bidra til auka bulyst og omdømme; sommarhjelp park og grønt og vask av servicebygg.

### 5.1.4.1 Driftstiltak

**012: Samfunnsutvikling : Bortfall av leigeinntekter Myrtunet.** kr. 2 006 000,-

Fjerning av leigeinntekt. Bygg er ikkje av ein slik standard at det er utleigebart.

**028: Samfunnsutvikling : Vask av servicebygg.** kr. 79 414,-

Reinhold av sanitærhus Overåsanden. Reinhold av wc-gjestebrygge/off. toalett.

**035: Samfunnsutvikling : Trafikktryggingssplan.** kr. 150 000,-

Ein godkjent Trafikktryggingssplan er ein føresetnad for å kunne søke om midlar til aktuelle tiltak frå Møre og Romsdal Fylkeskommune.

**040: Samfunnsutvikling : Sommarhjelp park og grønt** kr. 59 902,-

Budsjettert med tilsetjing av ungdomar til å stelle grøntareal i sommarferien.

#### Sjølvkost

**Samfunnsutvikling: Vass- og avløpsplan** kr. 250 000,-

NB: Manglar i tabellane, men vil ikkje påverke drifta

**Samfunnsutvikling: Internkjøp/ajourføring VA-nett** kr. 450 000,-

NB: Manglar i tabellane, men vil ikkje påverke drifta

## 5.1.4.2 Investeringstiltak

### Vedtekne

**026: Samfunnsutvikling : Hareid brannstasjon. kr. 6 000 000,-**

Brannstasjon må delvis byggast om og utvidast for å innfri pålegg frå arbeidstilsynet. Dette omhandlar krav til garderober, rein/skitten sone, ventilasjon m.m. Sektor for samfunnsutvikling ser det som føremålstenleg å inkludere driftsavdelingane for kommunalteknikk, vatn og avløp, grønt og eigedom i den vidare utviklinga av eigedommen. Bakgrunnen for dette er at også deira lokale har tilsvarande manglar. Ein legg difor opp til ei total prosjektering av ei slik løysing.

**025:Hareid sokn : Ombygging av bedehuset kr. 4 000 000,-**

Tilbygg kontorfløy for kyrkjekontor til bedehuset, jf. brev til kommunen 07.09.2018. Viser til tidlegare dialog med kommunen i høve planane om tilbygg kontorfløy til Hareid bedehus - og kommunen sin godkjente reguleringsendring av bedehustomta for dette, samt flytting av vegen. Sluttprosjektering av tilbygg kyrkjekontor til bedehuset i 2020: For å kunne fortsette dette arbeidet trengst det prosjekteringsmidlar for tilbygg kyrkjekontor, pålydande pålydande kr 130 000 ,- for 2020 (kr 90 000 til vidareføring arkitektarbeid og kr 40 000 til rådgjevande ingeniør). Leigeavtale med Floten (10 år om gangen) for kyrkjekontor utgår i 1. mars 2024, difor bør tilbygg kyrkjekontor utførast seinast i løpet av 2023. Husleigekostnad pr dags dato er kr 230.000,- pr/år, noko som vil kunne dekke lånefinansieringa av tilbygget.

**034: Samfunnsutvikling : Egenandel NVE kr. 1 000 000,-**

Kommunens del av flaumsikring i Gjerdeelva

**042: Samfunnsutvikling : Ferdigstilling Helsehus kr. 34 000 000,-**

Ferdigstilling Helsehus

**053: Samfunnsutvikling : Fiberutbygging kr. 4 000 000,-**

Fiberutbygging på Almestrand, Ulset, Kvammen og Hjørungneset

**046: Samfunnsutvikling : Godsterminalen kr. 10 000 000,-**

Opprusting av kaia, som er i dårleg stand ref. rapport frå konsulent.

**043: Samfunnsutvikling : Holstadfeltet kr. 16 000 000,-**

Herav 7 mill. grunnkjøp, resten er bygging av kanal. Det er her gjort vedtak tidlegare, men innhaldet er noko endra etter dialog med næringslivsaktørar mv.

**044: Samfunnsutvikling : Holstadrundkøyering kr. 1 000 000,-**

Innledande arbeid. Redusert investeringsramme i høve tidlegare vedtak.

**049: Samfunnsutvikling : Inventar Helsehus kr. 2 500 000,-**

Diverse inventar til mellom anna kontor for psykolog, barnevern mv. i det nye helsehuset.

- 023: Samfunnsutvikling : Kjøp av tomt Helsehuset.** kr. 11 000 000,-  
Kjøp av tomt Helsehuset. Kjøpet er gjennomført, men har vorte belasta byggeprosjektet. Det er no trekt ut.
- 029: Samfunnsutvikling : KL-marka** kr. 3 000 000,-  
Prosjektering og utbygging av VA.
- 048: Samfunnsutvikling : Lyspakke-veg** kr. 500 000,-  
Utskifting til LED i alle gatelys. Vil gi betre trafikktryggleik og straumsparing.
- 036: Miljøgateprosjektet** kr. 100 000,-  
Vidareføring frå 2020. Ferdigstille ombygging av tilkomst til eigedomar.
- 022: Samfunnsutvikling : Møblering Bibliotek.** Kr. 1 500 000,-  
Møblering Bibliotek. Vedtatt som del av Helsehus-prosjektet.
- 031: Samfunnsutvikling : Ombygging veg Helsehuset** kr. 8 000 000,-  
Ombygging veg Helsehuset.
- 040: Samfunnsutvikling : Parkering på tak Coop** kr. 4 000 000,-  
Inngått avtale om kjøp av parkeringsplassar på taket til nytt Coop-bygg.
- 028: Samfunnsutvikling : Pålhaugen** kr. 18 750 000,-  
Omsorgsbustadar / avlastning
- 032: Samfunnsutvikling : Pålhaugen infrastruktur** kr. 4 000 000,-  
Pålhaugen infrastruktur til omsorgs- og avlastingsboligar.
- 027: Samfunnsutvikling : Rådhuset byggetrinn 1.5** kr. 6 250 000,-  
Rådhuset byggetrinn 1.5 - byggetrinn 2 delast i to. Dette vil gjelde nord-delen av bygget. Kjellaren vil verte utsett til 2022.
- 030: Samfunnsutvikling : Sidegreiner Røyset** kr. 4 000 000,-  
Sidegreiner Røyset.
- 024: Samfunnsutvikling : Trapp, heis og uteområde ved Helsehuset.** kr. 4 000 000,-  
Trapp, heis og uteområde ved Helsehuset.

## Nye

- 038: Samfunnsutvikling : Hjørungavåg skule** kr. 4 000 000,-  
Inkl. skulekjøkken, led-belysning, røykdeteksjon og akustikkhimling
- 045: Samfunnsutvikling : Innovasjonssenter, omsorgsb. mv.** kr. 1 000 000,-  
Utgreiing og førebuing av nye utviklingsprosjekt. Dette gjeld innomvasjonssentert, omsorgsboliger, ny barnehage mv.
- 035: Samfunnsutvikling : Kikkert** kr. 250 000,-

Innkjøp av ny teodolittkikkert. Dagens kikkert er frå 1986, og ein har dermed ikkje moglegheit til å framskaffe reservedelar eller gjennomføre service.

**037: Samfunnsutvikling : Lys sjukeheim** kr. 1 000 000,-

Lys sjukeheim. Dette er eit branntiltak.

**047: Samfunnsutvikling : Toalett ved Nassetelva** kr. 1 200 000,-

Toalett ved Nassetelva for å rydde opp i forureiningsproblematikken i området.

**033: Samfunnsutvikling : Tusenårsplassen** kr. 3 000 000,-

I samband med VA-prosjekt Helsehuset vil ein opparbeide tusenårsplassen som park og bygge ny kai.

**039: Samfunnsutvikling : Disponible midlar for å ivareta uforutsette og akutte behov, samt avslutning av vedtekne prosjekt.**

kr. 5 000 000,-

Disponible midlar for å ivareta uforutsette og akutte behov, samt avslutning av vedtekne prosjekt.

**050: Samfunnsutvikling : Vedlikeholdspakke jfr. Vedlikehaldsplan**

kr. 4 300 000,-

Vedlikeholdspakke jfr. Vedlikehaldsplan

### Sjølvkost

**004: Anløp : Byte lyktestolpar molo. Vi må bytte ut lyktestolpene og straumforsyninga på begge moloane for å sikre anløpa.**

kr. 1 200 000,-

**054: Anløp : Kai Tusenårsplassen**

kr. 1 000 000,-

**000: Anløp: Flytebrygge Alme**

kr. 400 000,-

NB: Manglar i tabellane, men vil ikkje påverke drifta

**008: Avløp : Avskjære overvatn Ytre Hareid.**

kr. 2 500 000,-

Vi har kartlagt moglegheita for ei avskjerande grødt over byggjefeltet på Ytre. Konsulentar har sett på ulike løysningar og konkludert med at dei anbefalar å opne eksisterande bekkar, samt å oppgradere eksisterande bekkeinntak. Vi vil på denne måten få redusert mengde overvatn som renn nedover feltet. Summen er eit estimat.

**020: Avløp : Bakkeveien.**

kr. 500 000,-

**006: Avløp : Fornyng avløpsnett.**

Kr. 1 200 000,-

**009: Avløp : Helsehuset.**

kr. 5 000 000,-

I samband med helsehusprosjektet må avløpsanlegget i sentrum leggest om og ein må inn med ein ny pumpestasjon.

**010: Avløp : Kyrkjegata – Jets. Omlegging av hovudkloakk frå Jets til Soffibakken.**

kr. 325 000,-

**011: Avløp : Ovrasanden.**

kr. 5 000 000,-

I samband med helsehusprosjektet må avløpsanlegget i sentrum

leggast om og ein må inn med ein ny pumpestasjon.

**012: Avløp : Reinseanlegg. kr. 10 000 000,-**  
Reinseanlegg på Raffelneset. Summen er eit estimat.

**007: Avløp : Separere fellesledning Hareidselva. kr. 1 500 000,-**  
Gamal fellesledning som kloakken til størsteparten av Indre Hareid renn gjennom. Røret er øydelagt og må byttast. Summen er eit estimat.

**013: Avløp : Sjøledning Raffelneset. kr. 7 000 000,-**  
Må legges for å realisere renseanlegg på Raffelneset. Summen er eit estimat.

**016: Vatn : Bytte PLS vassbehandlingsanlegg. kr. 1 000 000,-**  
PLS må byttast ut på vassbehandlingsanlegget.

**005: Vatn : Fornyng vassnett. kr. 600 000,-**

**014: Vatn : Helsehuset. kr. 3 750 000,-**  
I samband med helsehusprosjektet må vassleidingane i sentrum leggast om.

**015: Vatn : Kyrkjegata - Jets. kr. 3 250 000,-**  
Ny vassledning frå Jets til Soffibakken.

**018: Vatn : Legge om ledning frå vassbehandlingsanlegget. kr. 1 000 000,-**

I dag går all spylevatn inn på avløpsnettet. I samband med bygging av renseanlegget er det viktig å få redusert volumet av fremmedvatn på avløpsettet. Summen er eit estimat.

**017: Vatn : Nødvatn - tankar. kr. 600 000,-**

Etter tilsyn frå Mattilsynet og for å stette krava i drikkevassforskrifta må vi investere i tankar/hengarar ein kan settje ut ved langvarig driftstans.

**019: Vatn : Pumpestasjon. kr. 4 000 000,-**

Per dags dato er det eit problem med undertrykk i øvre byggefelt om det vert tatt ut store mengder vatn på leidningsnettet. Dette gjelder blant anna områda Teigane, Holstad, Geilebakken, Bigset og Nevstad. For å unngå problem med undertrykk i desse områda er det foreslått å lage nye trykksoner på Teigane, Bigset og Geilebakken ved å bygge eller bygge om eksisterande pumpestasjonar.

## 5.2 Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen består kommunedirektør, assisterende kommunedirektør, og staben med folkehelse- og SLT-koordinator, avdelingane Personal og organisasjon, Servicetorg og politisk sekretariat og Økonomi.

Årsverk: 15,4 inkludert kommunedirektøren  
Tilsette: 17 tilsette inkludert kommunedirektøren

### 5.2.1 Status / utfordringsbilete

Kommunekompassundersøkinga har vist at vi har mykje ugjort når det gjeld kommunen som arbeidsgjevar. Dei tilsette er vår viktigaste ressurs og eit auka fokus på dette vil vere naudsynt i tida framover, men stadige omstillingar. Ein har difor valt å styrke avdelinga Personal og organisasjon med ei 50-prosentstilling. Dette er ei auke frå 3 til 3,5 årsverk for avdelinga, og den er fortsatt svært lågt bemanna for ein organisasjon av vår storleik, men vi håper at tiltaket vil bidra til eit meir merksemd rundt mellom anna helse-, miljø og tryggleik og sjukefråvær i organisasjonen.

Servicetorg og politisk sekretariat har fått eit større ansvar for digitalisering og har som følge av det hatt ein del omfordeling av oppgåver mellom medarbeidarar. Avslutting av avtalen om drift av sentralbord som vi har med Vanylven, vil også medføre eit ekstra press på denne avdelinga. Også i økonomiavdelinga har ein gjort ei omfordeling av oppgåver i forbindelse med at skatteoppkrevjar vart gjort til ei statleg oppgåve frå november. Ein har i forbindelse med dette prioritert å sette av ressursar til å jobbe meir direkte mot sektorane med kontrolleroppgåver og budsjett.

Folkehelse- og SLT-koordinator er flytta frå sektorane Samfunnsutvikling og Læring og kultur til Sentraladministrasjonen. Dette utgjør til saman ei 50 % stilling. IKT-ressursen som i 2020 vart flytta frå sektor Velferd til Sentraladministrasjonen vert no flytta vidare til Eigedomseininga i sektor Samfunnsutvikling, då ein ser at der er eit stort behov for styrking på handsaming av hjelpemiddel og drift av velferdsteknologi i sektor Velferd. Stillinga vert lagt til Eigedomsavdelinga for å oppnå størst mulig grad av synergjar mot den kompetansen som alt er der og redusere sårbarheita ved eventuelt fråvær.

Det er i budsjettet for 2021 lagt inn oppretting av ei stilling som innkjøpskoordinator lagt til Sentraladministrasjonen.

Sentraladministrasjonen si største utfordring er at vi har få personar fordelt på eit svært bredt spekter av oppgåver og ansvarsområder. Dette gjer oss svært sårbare ved mellom anna fråvær.

### 5.2.2 Mål / tiltak

- Sentraladministrasjonen skal syte for naudsynte stab- og støttetjenester til kommunen sine tenesteytande einingar.



*Kariann Bigseth,  
konstituert  
kommunedirektør*

### PERSONAL OG ORGANISASJON

*Løn, HMS, inkluderande arbeidsliv, heiltidskultur, permisjonar, tilsettingar, pensjonsordning, fråvær, arbeidsgivaransvar, lønsforhandling, samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane, kompetanseutvikling, personforsikring, NAV mv.*

### ØKONOMI

*Budsjett, økonomistyring, MVA, rekneskap, skatt, innkreving, fakturahandsaming, bankavstremming, utbetaling NAV, rekneskap og fordeling NAV, rekneskap og budsjett Soknet, årsavslutning, mv.*

### SERVICETORG OG POLITISK SEKRETARIAT

*Arkiv, politisk sekretariat, servicetorg / resepsjon, informasjon, internett- og intranettsider, personvern, personvernombod, internkontroll, internrevisjon, låsesystem, butilskot, startlån, skjenkesaker, grafisk profil, samansying av øk.rapportar mv., attesting for sektor, forefallende oppgåver, mv.*

### ANDRE ANSVARSOMRÅDE

*SSIKT, folkehelse- og SLT-koordinator, innkjøp*

- Politikarar, publikum, samt andre offentlege og private verksemder skal få naudsynt og korrekt informasjon og service, utan unødig ventetid.
- Sentraladministrasjonen skal vere utviklingsorientert og ha eit spesielt ansvar for at heile kommunen si verksemd er i tråd med lov og retningslinjer og syte for at kommunen sitt omdøme vert forvalta på ein god måte.
- Sentraladministrasjonen skal vere pådrivar i arbeidet med Losen 2025, og aktivt bidra til at kommunen når målsettingane sine

” Sentral-  
administrasjonen si  
største utfordring  
er at vi har få  
personar fordelt  
på eit svært bredt  
spekter av oppgåver og  
ansvarsområder.

## 5.3 Læring og kultur

---

Sektoren tek hand om tenesteområda barnehage, grunnskule, vaksenopplæring, flyktingtenesta, norsk for framandspråklege, kultur og idrett.

Årsverk: 151

### 5.3.1 Status / utfordringsbilde

Innanfor alle områder i sektoren er det stor aktivitet knytt til kompetanseutvikling både innan for kommunen, i regionen, og deltaking i nasjonale satsingar. Hareid kommune er med i satsinga Inkluderande barnehage- og skulemiljø, og er i tillegg utpeika som ei av 13 kommunar til å prøve tiltak for tidleg innsats i både barnehage og skule. I barnehage held vi bemanningsnorma, men ligg under landsgjennomsnittet, og dei fleste omliggande kommunar i kostnad per barn. På grunnskule ligg vi under dei fleste omliggande kommunar, og kommunegruppe når vi samanliknar kostnad per elev. Siste måling synte 15,6 elevar per lærar, men vi held truleg lærarnorma på grunn av kreativ organisering.

Dei kommunale barnehagane driv med høgt tal barn per eining. God omtale og høg kvalitet på tenestene har gjeve auka tal på søkjarar. Dette gjev lågare driftsutgifter per barn, og difor lågare tilskot private barnehagar. Dei kommunale barnehagane stettar den nasjonale bemanningsnorma. Slitasje på bygningane, og manglande vedlikehald, gjer kvardagen til både små og store vanskelegare både miljømessig, og når det gjeld reinhald og orden.

Sjølv med gjennomsnittleg store grunnskuleklasser og låge driftsutgifter per elev ser vi ei positiv utvikling både på resultat og miljømessige tilhøve. Godt kvalifiserte tilsette, og vektlegging av utvikling og kompetanse, er ein viktig faktor i den positive utviklinga. Vaksenopplæringa har lykkast med tilbodet til andre kommunar, og tener pengar på det.

Hareid kommune har, per 01.11.2020, mottatt sju av ti tildelte flyktingar. Det er usikkert om kommunen får busette fleire i 2020. Kommune er oppmoda om å ta i mot 11 i 2021. Utfordringar vi ser, er å finne høvelege bustadar, usikker arbeidsmarknad, og langsiktige økonomiske utfordringar.

Kulturtilbodet innan bibliotek, kulturskule og anna fritidstilbod har ei jamn drift med små variasjonar. Re-opning av kommunal ungdomsklubb har vorte ein suksess.

### 5.3.2 Mål / tiltak

- Gjennomgang av alle delar av sektoren for å finne optimal/ berekraftig drift.
- For å oppretthalde kvalitet og tilbod - vurdere organisatoriske endringar
- Ny kommunal barnehage som erstatning for dei to



*Eivind Longva,  
kommunalsjef, sektor for  
læring og kultur*

---

### SKULAR

*Bigset skule  
Hareid skule  
Hjørungavåg skule  
Hareid ungdomsskule  
Musikk- og kulturskule*

---

### BARNEHAGAR

*Bigset barnehage  
Hareid barnehage  
Syverplassen barnehage*

---

### RESSURS- SENTERET

*Vaksenopplæring  
Flyktingteneste*

---

### ANDRE ANSVARsomRÅDE

*PPT*



sentrumsbarnehagane

- Vidareutvikle det tverrfaglege samarbeidet rundt oppvekstvilkåra for barn og unge i Hareid.
- Oppretthalde drift av kommunal ungdomsklubb.

” Godt kvalifiserte tilsette, og vektlegging av utvikling og kompetanse, er ein viktig faktor i den positive utviklinga.

## 5.4 Sektor for Velferd

---

Sektoren tek hand om tenesteområda institusjon, heimetenesta, bu og habilitering, dagsentra, helse og koordinering (legetenesta, psykiatri/rus, fysioterapi, ergoterapi og helsestasjon), NAV Hareid, Ulstein og Sande og barnevern.

Årsverk: 126.3

### 5.4.1 Status / utfordringsbilde

Sektor Velferd er i omstilling, ei omstilling som krev tiltak på kort og lang sikt. Strategiske val for å utvikle berekraftige tenester er eit av hovudmåla for sektoren. Andre hovudmål er å betre kvaliteten, utvikle komeptansen, bygge omdøme, utvikle leiarane, rekruttere og helde på dei tilsette.

Budsjettet for 2021 speglar ei satsing på følgjande tenesteområder: tverrfagleg/sektorielt samarbeid når det gjeld oppvekstvilkår for barn og ungdom (kompetanseløftet), barnevern, satsing på velferdsteknologi, organisering av legetenesta og utvikling av eit meir differensiert tenestilbod innan pleie og omsorg (omsorgs-/bustadstrappa).

I budsjettet for 2020 vart det gjennomført stillingsreduksjon i sektoren. Driftsresultat for 2020 viser eit meirforbruk grunna auke i tenesteproduksjon, reduksjon i statleg refusjonsordning og utgifter på grunn av den pågåande pandemien. Meirforbruket i drifta medfører svært krevjande tiltak for å få budsjettet for 2021 i balanse. Døme på kutt for å kome i balanse er ressursreduksjon til fagdagar, halvårseffekt på vakante stillingar, mangel på lønsressurs til ei 5. nattevakt institusjon/heimetenesta (det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse før den 5. nattevakten kan kuttast). Avheimling av institusjonsplassar er også døme på tiltak for å få budsjettet i balanse. Avheimling er til utgreiing, og vert handsama som politisk sak i februar.

Det vert svært krevjande å gjennomføre dei tiltaka som ligg i budsjettforslaget. Det vil krevje stor innsats hjå leiarar og tilsette. Tiltaka vil medføre reduksjon i tenestetilbodet innan enkelte tenesteområder. Tiltaka vil medføre endring i arbeidsoppgåve hjå tilsette, det kan medføre oppseiing, det siste vil ein unngå så langt som råd.

Sektorens utfordringsbilete er svært samansett. Hovudfokusset er berekraftig utvikling, følgje opp strategi og kontinuerlig forbetring. Agenda Kaupang sin rapport er eit døme på tiltak som vil gi grunnlag for strategiske val innan kommunens helse- og omsorgstilbod.

### 5.4.2 Mål / tiltak

- Gjennomgang av alle delar av sektoren for å finne optimal/bekraftig drift.



*Nils-Arne Skagøy,  
kommunalsjef, sektor for  
velferd*

### HELSE OG KOORDINERANDE EINING

---

*Psykisk helse og rus  
Ergoterapi  
Fysioterapi  
Støttekontakt  
Helsestasjon  
Jordmorteneste  
Legetenester*

### INSTITUSJONS- TENESTER

---

*Eining for korttid  
Eining for langtid  
Eining for skjerna  
Eining for kjøkken*

### HEIMETENESTER

---

*Heimesjukepleie  
Praktisk bistand  
Bu- og habilitering  
BPA*

### ANDRE ANSVARSRÅDE

---

*Vertskommune for NAV  
– Hareid, Sande og Ulstein*

- For å oppretthalde kvalitet og tilbud - vurdere organisatoriske endringar (omstilling)
- Omsorgstrappa - differensiering av tenestetilbodet.
- Bygge og drifte nye bustadar for menneske med nedsett funksjonsevne (Pålhaugen).
- Optimalisere legetenesta i nært samarbeid med Hareid legesenter.
- Utarbeide omsorgs-/bustadstrapp for Hareid kommune (strategisk plandokument).
- Vidareutvikle det tverrfaglege samarbeidet i høve til oppvekstvilkår for barn og unge i Hareid.

**Det vert svært krevjande å gjennomføre dei tiltaka som ligg i budsjettforslaget. Det vil krevje stor innsats hjå leiarar og tilsette.**

## 5.5 Sektor for samfunnsutvikling

---

Årsverk: 39,26

Tilsette: 45

### 5.5.1 Status / utfordringsbilde

#### Samfunnskantoret:

Det er utfordrande å tenke strategisk og langsiktig, då det samstundes er forventningar til at samfunnskantoret både skal bidra, ha kunnskap og kapasitet til å medverke på detaljnivå i både diverse saker, drift og investeringsprosjekt.

Organiseringa er slik at mykje av saksførebuinga ligg til kantoret og også som del av kommunalsjefen sitt virke. Grunnkjøp og privatrettslege tilhøve har gjennom store delar av dette året og også førre år, gjort at ein har kome reelt på etterskot, med tanke på utarbeiding av avtalar, utbetalingar, utferding av bl.a. skøytedokument, samt å forhandle mellom partar, finne løysingar saman med næringslivet for fremme god samfunnsutvikling.

#### Eining for Plan, Byggesak og Geodata:

Eining for plan, byggesak og geodata er ei eining med knappe ressursar, men med høgt inntektspotensial. Grad av sjølvkost på byggesak og geodata er særleg god samanlikna med tidlegare år. Den finansielle dekningsgrada (sjølvkostgrada) er for 2020 stipulert til 52,8 % for byggesak og 60,7 % for geodata, medan for plan ligg den på 25,8 %. For 2021 er dei førebelse prognosane ganske like. Ei høg sjølvkostgrad omfattar høgt fokus på handsaming av private planar, byggesak og sakshandsaming etter matrikkellova. Samstundes som eininga gjennomfører større utviklingsprosjekt i form av arbeid med interkommunal kystsonenplan, kommuneplanens arealdel og kommuneplanens samfunnsdel og andre oppgåver som ikkje kan reknast med etter sjølvkostprinsippet.

Stor saksmengd saman med større planarbeid gjer at det er og vil vere utfordrande i høve kapasitet i tida framover. Ein har knapt med ressursar, og dette er sårbart, særleg for byggesak med korte fristar. Det vil også vere ein prøvelse i 2021 med handteringa av covid-19. Rolla som beredskapskoordinator er knytt til eininga, og det er tidkrevjande å handtere beredskapsarbeidet. Dette har gått, og vil gå utover anna sakshandsaming, særleg innan plan og byggesak.

#### Eining kommunal eigedom/FDV:

Generelt for bygningsmassen på dei kommunale formålsbygga gjeld det at ein har eit betydeleg vedlikehaldsetterslep. Driftstiltaka som er meldt opp til budsjetthandsaming for 2021 kjem som eit resultat av dette men er også eit resultat av materialval i tidlegare utbyggingar der fokuset ikkje har vore på levetid men på å velje rimelege variantar. Ein ser at det er betydelege summar å spare



*Kai-Rune Bjørke,  
kommunalsjef, sektor for  
samfunnsutvikling*

### PLAN-, BYGGESAK OG GEODATA

---

*Plan, Byggesak, Geodata,  
Beredskap*

### KOMMUNAL EIGEDOM / FDV

---

*Forvaltning, Drift, Vedlikehald,  
Utvikling, Utleige, Reinhald*

### KOMMUNALTEKNIKK OG VAR

---

*Kommunalteknisk kontor,  
vatn, avløp, slam, renovasjon,  
vegeigar og vegmynde, park  
og grønt, idrettsanlegg, anløp,  
hamn og hamnemynde, samt  
ISPS. Gatelys, forureining  
og forureiningsmynde.  
Utbyggingssområde –  
utvikling av bustadfelt og  
næringsområde*

### ANDRE ANSVARSSOMRÅDE

---

*Hareid og Ulstein brannvesen  
brann- og ulukkeberedskap  
har fylgjande ansvarsområde:  
Brann- og ulukkeberedskap,  
brannførebygging, feing,  
beredskap mot akutt  
forureining.*

*Interkommunalt  
Landbrukskontor med  
fylgjande ansvarsområde:  
Landbrukseigedom, jordbruk,  
skogbruk, viltforvaltning  
Hareid sokn*

om ein vektlegg livsløpskostnadar på eit bygg både ved nybygg og ved rehabilitering/vedlikehald.

Vedlikehaldsetterslep medfører vidare at ein har utført sette hendingar som både vert arbeidskrevjande å handtere og som medfører store kostnadar for avdelinga. Vi er per i dag ikkje rigga for dette då vi ikkje har eigen utført sett budsjettpost. Dette vil dermed måtte belastast driftsbudsjettet. Der er heller ikkje sett av midlar for langsiktig planlegging av vedlikehald.

Arbeidet med tilstandsanalyser for alle eigedomar er slutført og ein har fått ei forholdsvis god oversikt over status på bygningsmassen som har munna ut i ein fyrste generasjons vedlikehaldsplan.

Etterslepet er i vedlikehaldsplanen kostnadsrekna til kr 64 105 441,- der utbetring er fordelt over ei periode på 5 år basert på dei ulike tilstands- og konsekvensgradene av tiltaka.

Eigedomsavdelinga i Hareid kommune har ikkje tilgong til drift og vedlikehaldsinstruksar frå då bygga var nye med unntak av bygg oppført siste tre åra. Den vedlikehaldsplanen som no er utarbeidd er difor basert på innmelde tiltak i famacweb, ei forenkla tilstandsanalyse samt eigne registreringar, der hovudfokuset har vore å kartlegge vedlikehaldsetterslep. Ein har deretter sett fokus på kva som er naudsynte tiltak dei to fyrste åra samstundes som ein syner til ein langtidsplan. I tilstandsanalysane er det ikkje tatt hensyn til fornyingsaspektet, men gjennomgåande gjenbruk (demontering/remontering) av eksisterande utstyr og enkle løysingar.

Det viktigste grunnlaget er den årlege tilstandsanalysen saman med behov registrert frå ulike brukarar/leigetakere. Dette gir byggeigar og forvalter ein heilskapleg oversikt over behov for vedlikehald, utskiftingar, ombygging og andre endringar. Dei ulike tiltaka vert prioritert ut frå teknisk tilstand og kostnadar. Naudsynt budsjett vurderast opp mot tilgjengelege budsjetttrammer, og endeleg vedlikehaldsplan vert vedtatt. Ein slik plan er dog eit levande dokument som må justerast i høve nye funn i eigedomsmassen. Vedlikehaldsplanen vert dermed eit arbeidsdokument som dannar grunnlaget for kva vedlikehaldsbehov som vert meldt opp til budsjettet kvart år.

### **Eining kommunalteknikk og VAR:**

Eininga har svært mange ansvarsområder. Det i seg sjølv gjer den daglige drifta utfordrande. Det er svært mange store juridiske områder som skal forvaltast og eininga har i tillegg ein stor grad av privatrettslege problemstillingar. Ein har generelt sett eit stort etterslep på alle typar planar og lokale forskrifter, men det jobbast systematisk med å rette på dette, men det er store prosessar som tek tid. Framdrifta av utbyggingsprosjekt er også i stor grad avhengige av grunnkjøp og grunnavtalar noko som tidvis er utfordrande på grunn av mangel på ressursar.

**Vatn** – Ansvarsområdet inneheld produksjon og distribuering av drikkevatt til alle abonnentane i Hareid kommune. Dette inkluderer drikkevasskjelde, nedslagsfelt til drikkevasskjelda, vassbehandlingsanlegg, høgdebasseng, trykkaukingsstasjonar

og leidningsnett. Det er eit stort fokusområde på drikkevatt generelt i samfunnet. Utskiftingshastigheten av leidningsnett i Hareid kommune er ikkje høgt nok. I løpet av 2021 vil ein ferdigstille arbeidet med den nye vassplana, ein vil då legge opp til ei investeringshastighet som stettar dei nasjonale krava. Dette vil føre til at vassavgifta vil auke. Vassbehandlingsanlegget vårt er gammalt og styringssystemet står føre ei oppgradering. Ein vil i 2021 ha ei stor satsing på å få så mange som mogleg tilknytt det offentlege vassnettet.

**Avløp** - Ansvarsområdet inneheld utbygging av og rehabilitering av avløpsnett, inkludert pumpestasjonar. Reinseanlegg er under planlegging på Raffelneset. Innanfor dette ansvaret ligg også overvatn. Dette er kanskje den største utfordringa ein har i Noreg pr. i dag og Hareid er ingen unntak. Vi har svært mange krevjande saker om overvatn, men spesielt på Ytre Hareid. Ein jobbar med å kartlegge ulike hjelpetiltak. Vi har – som alle andre – enorme utfordringar med framandvatn i avlaupsnettet. Heller ikkje innanfor avløp klarar vi å halde høg nok utskiftingstakt og oppfylle dei nasjonale krava. I løpet av 2021 vil ein ferdigstille arbeidet med den nye avløpsplanen, ein vil då legge opp til ein investeringshastighet investeringshastigheit som stettar dei nasjonale krava. Dette vil føre til at avløpsavgifta vil gå opp. Ein har også store utfordringar knytt opp mot direkteutslepp og forureining. Ein kartlegger systematisk direkteutsleppa og vil i 2021 ha ei stor satsing på å få så mange som mogleg tilknytt det offentlege avløpsnettet.

**Slam og Renovasjon** – Ansvarsområda er forankra i eininga, men ein har driftsavtale med SSR om den praktiske gjennomføringa.

**Veg** – Ansvarsområdet er dels privatrettslig og dels offentleg-rettsleg. Kommunen er privatrettsleg eigar av alle dei kommunale vegane. Ein er også lokal vegmynde etter veglova. Eininga har ansvaret for drift og vedlikehald av vegane, inkludert veggroft. Eininga er også ansvarleg for vinterdrift av vegane og har 7 rode som brøytast i kommunen. Ein har store utgifter til vinterdrift av vegane i kommunen, dette må kvart einaste år dekkast inn gjennom det ordinære vegbudsjettet. Dette har fleire uheldige konsekvensar. Ein ser at fleire av vegane held lav standard og vi får stadig meldingar om utfordringar for bilistane. Det er likevel ikkje alltid berre å asfaltere, ein ser at mange av vegane er gamle og bygd på ein for dårleg måte med manglande masseutskifting og manglande berelag etc. Mange stader er stikkrennene ramla saman og ein får ikkje ein effektiv drenering av vatn, men heller at vatn står i vegkroppen. Dette bidreg også til å svekke standarden på vegane. Vi har også fleire bruer i kommunen med ukjend standard.

**Park og Grønt** – Ansvarsområdet dekker alle offentlege grøntområde. Det er Ca 100 mål med plen og Ca 60 mål med busker og trær som skal driftast og vedlikehaldas. Andre arbeidsoppgåver som ligg til dette området er til dømes handtering av boss, sprøyting av uønskt vekstar, kantroinsk, skjøtsel av miljøgate og offentlege benkar. Budsjettet er så knapt at det ikkje dekker fastløn og det aller minste minimum av utstyr. Vi har utstyr som er helseskadeleg og utdatert og utfordringar kva

gjeld HMS for tilsette.

**Idrettsanlegg** – Kommunen eiger idrettsanlegget ved ungdomsskulen og er økonomisk ansvarlig for drifta. Ein har ein driftsavtale med HIL.

**Anløp** - Ansvarsområdet dekkar farleia til alle anløp i kommunen. Det største ansvaret knytt seg til anløp av ferje og hurtigbåt.

**Hamn** – Ansvarsområdet dekkar drift, vedlikehald og utvikling av alle hamnene i Hareid kommune. Eininga er lokal hamnemynde etter hamn- og farvasslova. Eininga er ansvarleg for ISPS terrorsikring. Ein har store utfordringar med godsterminalkaia og tilstanden på den eldste delen av godsterminalkaia er på eit slikt nivå at vi må vurdere å stenge av området.

Ein legg opp til at det vert utarbeid ein Hamnestrategi for korleis ein vil organisere og drifte dei offentlege hamnene i Hareide.

**Gatelys** – Eininga er ansvarlig for drift og vedlikehald av alle gatelys i Hareid kommune. Vi driftar også Statens Vegvesen sine lys og får ein årleg refusjon på dette arbeidet. Det er store problem med jordfeil i Hareid kommune og vi opplever tidvis svært store driftsproblem. Kretsane er også svært store noko som gjer at ein jordfeil kan få innverknadar på eit svært stort område, til dømes heile sentrum, store delar av ytre Hareid etc.

Vi vil legge opp til, i samarbeid med dei andre kommunane i sjustjerna å gje frå oss ansvaret for gatelys på dei fylkeskommunale vegane.

**Forureining og forureiningsmynde** – Eininga er lokal forureiningsmynde. Ansvarsområdet dekkar sakshandsaming og tilsyn med forureining i Hareid kommune. Vi vil i 2021 utarbeide ei tilsynsplan og systematisk kontrollere spreidde avløp.

**Utbyggingsområde** – Eininga har ansvaret for å utvikle nye utbyggingsområder i kommunen, til dømes bustadfelt og næringsområder.

## 5.5.2 Mål / tiltak

### Samfunnskontoret:

- Vere ein sektor som legg til rette for bustad og næringsutvikling
- Gjennomføre investeringsportefølgja på sektoren
- Vere ein sektor som samordnar og som står som utviklar av den heilskaplege samfunnsutviklinga i kommunen.
- Vere ein sektor som er ein ressurs til dei overordna planverktøya

### Eining for Plan, Byggesak og Geodata:

Digitalisering og effektivisering vil vere særst viktig i tida framover.

- Delta i arbeidet med utarbeiding og ferdigstilling av interkommunal kystsoneplan

- Halde lovsette fristar for sakshandsaming innan byggesak, oppmåling og plan
- Syte for at kommunens heimesider er eit godt verktøy for innbyggjarane innanfor sektoren sine fagområder
- Ferdigstille kommuneplanens samfunnsdel
- Ferdigstille kommuneplanens arealdel
- Følgje årshjulet for beredskapsarbeid

#### **Eining kommunal eigeedom/FDV:**

- Utarbeide ein eigeedomstrategi
- Nytte vedlikehaldsplanen som verktøy
- Det skal etablerast eitt ansvar pr eigeedom, vi startar med Helsehuset. Dette gir full oversikt over kvar enkelt eigeedom, både på inntektssida og utgiftssida.
- Samle diverse vedlikehaldstiltak i investeringspakkar.


#### **Eining kommunalteknikk og VAR:**

På sjølvkostområdet ser ein at det er naudsynt med store investeringar for å sikre utskifting av eksisterande leidningsnett i den takt som nasjonale mynde krev. Dette vil føre til auka kommunale avgifter, noko som er utfordrande for den enkelte innbyggjar. På dei ordinære driftsområda ser ein at det er ein alvorleg knappheit på ressursar. Spesielt på veg, har ein ikkje midlar til å drifte vegane tilfredstillande. Ein ser at ambisjonsnivået må senkast og ein må prioritere vekk ein heil del med oppgåver som ein svært gjerne kunne ønske å prioritere, men at ressursituasjonen ikkje gjer dette mogleg å gjennomføre.

” Rolla som beredskaps-koordinator er knytt til eininga, og det er tidkrevjande å handtere beredskapsarbeidet. Dette har gått, og vil gå utover anna sakshandsaming, særleg innan plan og byggesak







Handlingsprogram 2021-2024